   4. "Møtereferat frå gardsmøte på gnr 5 Stadheim i Vik" v/Eivind Helleland.
   5. Fullmakt av 9.1.92 frå Vikfalli til det mellombels vegstyret: Oddbjørn Stadheim, Nils Ove Fosse og Eivind Helleland.
   6. Brev av 25.3.92 "vedkomande bruksrett, opprusting og framtidig vedlikehald av Tambsvegen", til "adressatar i fylgje liste".
   7. Brev av 11.4.92 frå Sæbø/Seim/Tenål-partane v/John Thune, Trygve Seim og Andreas Gausdal til Eivind Helleland m/fleire.
   8. Brev av 19.5.92 frå Mellombels vegstyre for Tambsvegen v/E.Helleland, til Vik kommune, vedkomande opprusting av Tambsvegen.
   9. Brev av 19.5.92 frå Mellombels vegstyre for Tambsvegen v/E.Helleland, til Landbrukskontoret, Skogetaten, vedkomande opprusting av Tambsvegen.
   10. Brev av 19.5.92 frå Mellombels vegstyre for Tambsvegen v/E.Helleland, til Sognekraft, vedkomande opprusting av Tambsvegen.
   11. Brev av 19.5.92 frå Mellombels vegstyre for Tambsvegen v/E.Helleland, til Statkraft, Vikfalli, vedkomande opprusting av Tambsvegen.
   12. Melding om Kommunestyrets vedtak i sak 92/0077, opprusting av Tambsvegen.
   13. Brev av 3.6.92 frå Sognekraft til Mellombels styre for Tambsvegen, vedk opprusting av Tambsvegen.
   14. Brev av 27.5.92 frå Landbrukskontoret, skogbruksetaten, til Mellombels vegstyre for Tambsvegen, vedk opprusting av Tambsvegen.
   15. Brev av 4.9.92 frå Statnett til Mellombels vegstyre for Tambsvegen, vedk "opprusting av Tambsvegen, oversending av avtaleutkast".
   16. Utkastet til "vegavtale", jamfør dok 2.15.
   17. Brev av 22.10.92 frå Mellombels vegstyre for Tambsvegen til Statnett, vedk opprusting av Tambsvegen.
   18. "Avtale" om m.a. fri grunn til Tambsvegen, underskriven 16.11.1962 av Nils N Hove m.fl. (d.s.s. dok 10.5)
4. Tilleggskrav av 15.9.93 frå Trygve Seim, Andreas Gausdal og John Thune, vedkomande parsellen frå Tambsvegen til Varpet (Varpavegen).
8. Brev/skriftleg innlegg av 26.9.93 frå Anfinn Seim, Andreas Gausdal og John Thune.
9. Utsegn, ikkje dagsett, frå skogmeistar Unni Killi.
10. Dokumentsamling, kopi av diverse avtalar og brev i samband med bygginga av Tambsvegen.
    1. "Avtale" om m.a. fri grunn til 145 kV-linja Refsdal-Fardal, underskriven 16. og 19.11.1962 av O.O.Stadheim m.fl.

2. "Avtale" om m.a. fri grunn til Tambsvegen, underskriven 19.11.1962 av Per N Fosse og Olav P Fosse.
3. "Avtale" om m.a. fri grunn til Tambsvegen, underskriven 19.11.1962 av Olaf O Stadheim og Lars Stadheim.
4. Underskrifter av Anders T Stadheim m.fl, i tilknyting til ein eller annan "avtale" om fri grunn til Tambsvegen.
5. "Avtale" om m.a. fri grunn til Tambsvegen, underskriven 16.11.1962 av Nils N Hove m.fl.
6. "Avtale" om m.a. oppgjer for grunn til Tambsvegen, underskriven 19.4.63 av Olav P Fosse.
7. "Semje" om m.a. oppgjer for grunn til Tambsvegen, underskriven 16.6.64 av Arne E Stadheim.
8. Brev av 30.9.67 frå Adv Sam. Harris til Sognekraft, om 145 kV-linja Refsdal-Fardal, om Tambsvegen.
9. Brev av 30.10.67 frå ? v/N.Tambs om Tambsvegen.
10. Referat frå "synfaring på Stadheimsvegen 17/11 1967".
11. Brev av 16.10.67 frå L/L Vestlandske Kraftsamband til Inga O Nummedal, om kraftlinjeskjønet.
12. NVE si påteikning av 6.10.78 (?) på dokument returnert til Politimeistaren i Sogn, om Tambsvegen.
13. "Utbetalingar til grunneigarane for vegen Fossesvingen-Arnastøl".

12. Brev av 18.8.93 frå Statnett til Mellombels vegstyre for Tambsvegen, om opprusting av Tambsvegen, m/to vedlegg:
    1. Justert avtaleutkast om Tambsvegen, Varpavegen og Skorgevegen (jamfør dok 2.16)
    2. Kopi av side 18 og 24 i utskrift av protokollen vedkomande eit skjøn vedkomande kraftutbygging på Vikafjellet.
13. Brev av 4.11.93 til Sognekraft og Statkraft om m.a. partsinteresse i Tambsvegen, Varpavegen og Skorgevegen, vedhefta
    1. Svarbrev av 9.11.93 frå Statkraft.
    2. Svarbrev av 15.11.93 frå Sognekraft.
14. Brev av 4.11.93 til Vik kommune og svarbrev av 7.3.94, vedhefta
    1. Kommunens vedtak i k.sak 11/85:Søknad om tilskot til veg til Varpet
    2. Kommunens vedtak i k.sak 133/87:Søknad om ekstra tilskot til Varpavegen
15. Brev av 11.3.94 frå Statkraft engineering, om stiftinga av Statkraft sf og om rettar og plikter i Tambsvegen og i 300 kV-linja Fardal-Hove.
    1. Stiftelsesdokumentet vedkomande Statkraf sf, m/vedleggssamling.
    2. Brev av 4.9.92 frå Statnett til Mellombels vegstyre for Tambsvegen. (d.s.s. dok 2.15)
16. Brev (telefaks) av 18.3.94 frå bruksrettshavarar i Tambsvegen v/Eivind Helleland, endring av påstand m.m.
17. Brev av 21.3.94 frå Sæbø/Seim/Tenål ved T. Seim, A. Seim og A. Gausdal.
21. Prosess-skriv av 5.1.95 frå Bruksrettshavarar i Tambsvegen v/Eivind Helleland, m/ 14 vedlegg:
    (1. - 7. og 10. - 14.: Same som dok 10.1 - 10.13)
    8. Om utbetaling av eingongserstatning til O.O.Stadheim, for m.a. grunn til Tambsvegen
    9. Semje av 27.6.66 mellom Nils N Hove og NVE/Vikfalli v/N.Tambs, om oppgjer for m.a. gjerdehald langs Tambsvegen.
22. Prosess-skriv av 20.2.95 frå Statnett sf.
23. Prosess-skriv av 1.3.95 frå as Sognekraft, m/eitt vedlegg: D.s.s. dok 13.1

24. Prosess-skriv av 4.4.95 frå Bruksrettshavarar i Tambsvegen v/Eivind Helleland, m/tre vedlegg:
    1. Søknad av 23.12.68 frå h.r.advokat Einar Raae til Justis- og politidepartementet, om høve til å nytta skjønsrett ubunde av jurisdiksjonsgrensene.
    2. Utskrift av rettsboka til Heradsretten, sak 1/1969 B, ekspropriasjonsskjøn av 21.8.69 for stamlinjekraft-ledning Fardal-Refsdal.
    3. Utskrift av rettsboka til Heradsretten, "fravikelses-kjennelse" av 6.3.70.
25. Prosess-skriv av 24.4.95 frå Statnett.

Helleland og Ulltveit-Moe heldt hovudinnlegga i tvisten og sette fram påstandar i samsvar med sine prosess-skriv.

Ese viste til Sognekraft sitt brev/prosess-skriv av 1.3.95 og understreka at Sognekraft har interesser i Tambsvegen etter same høve som for den opprinnelege deltakinga i Vikfalli, nemleg 88 % til Staten og 12 % til Sognekraft. Det er no Statkraft sf som opptrer på vegne av Vikfalli, men når det gjeld Tambsvegen så har altså Statnett sf overteke Statkraft sine interesser. Sognekraft som minste interessent finn det ikkje naturleg å fremja eigen påstand og støttar difor påstanden som er framsett av Statnett.

Ragna Stadheim, som ikkje var med på fullmakta til Helleland, gjorde greie for sitt syn. Ho sette ikkje fram nokon påstand, men presiserte at Tambsvegen var bygd på innmark og var såleis ein privat gardsveg. Vegen var betaling til grunneigarane på Stadeim i samband med utbygginga og skulle ikkje vera til ålmenn ferdsle. Likevel hadde vegen vorte teken i bruk, noko som var ulovleg "etter lova", og ho hadde freista fått sett ein stoppar for dette, ved m.a. annonse i avisa. Også i samband med Varpavegen hadde ho protestert mot at vegen vart teken til anna bruk enn det som var føresetnaden.

I tillegg til desse, kom enkelte av dei frammøtte frå Sæbø/Seim/Tenål med faktiske opplysningar om Tambsvegen.

Etter at det hadde vore ein ny runde med innlegg og partane melde at dei ikkje hadde meir å tilføra, sa rettsformannen for-handlingane for avslutta og tvisten teken opp til doms.

Domen vil verta forkynd ved at utskrift av rettsboka vert send i rekommandert brev til Eivind Helleland, Statnett og Sogne-kraft. Vedlagt vil fylgja kopi av rettsmiddelkapitlet i jord-skiftelova og forkynningsskjema med nærare opplysningar. Dei andre får tilsendt utskrifta i vanleg brev.

Vik, 25.oktober 1995

Øystein Lavik

Odd Urdal Bjelle

Jon E Lidal

Den 14.november 1995 vart jordskifterett sett på Jordskifte-kontoret i Leikanger, med det same personalet som på det førre møtet.

Sak nr 3/1993

Etter drøftingar og røysting i einerom, sa Jordskifteretten samrøystes slik

D O M :

Partslista og fullmakter gjev slike partsgrupperingar:

I A:	gnr	5/1,5	Erling A Stadheim
		5/2	Helge I Stadheim
		5/3	Olav G Stadheim
		5/4	Harald Stadheim
		5/6	Oddbjørn Stadheim
		5/11	Lars Stadheim
		5/13,19	Oddvar I Grønsberg
		5/14	Borgny og Levald Helleland
		5/17	Ola O Stadheim
		5/20	Karen og Olav P Fosse
		7/2	Nils Ove Fosse
		26/20	Arnstein Hove
	Prosessfullmektig for partsgruppe I A:		Eivind Helleland.
I B:	gnr	5/7	Ragna Stadheim
		7/4	Berit Ingunn Fosse
		7/10	Ola M Fosse
II A:	Statnett sf		
	Prosessfullmektig for Statnett:		Andreas Ulltveit-Moe.
II B:	Sognekraft as		
	Prosessfullmektig for Sognekraft:		Oddbjørn Ese.

Dokumentasjonen vedkomande tvisten går fram av protokolleringa på førre møtet.

På 1960-talet vart det planlagt og bygt ein veg over gnr 5 Stadeim m fl, frå "Fossesvingen" på Seljedalsvegen til Stadeimselvi ved Arnastølen. Vegen fekk på folkemunne namnet "Tambsvegen" etter Nils Tambs, som var mangeårig driftsstyrar i Vikfalli (sjå nedanfor). Det vart oppretta avtalar om grunn-avståing m.m. mellom grunneigarar på m.a. gnr 5 Stadeim og "Sognekraft og/eller staten". I same tiåret vart det også planlagt og bygt ei 300 kV overføringslinje (planlagd som 145 kV frå fyrst av) frå Refsdal i Vik til Fardal i Sogndal. Også her vart det oppretta avtalar mellom grunneigarar på m.a. gnr 5

Stadeim og utbyggjaren, som er nemnd "Sognekraft".

Tvisten gjeld kva rettar "Sognekraft og/eller staten" tileigna seg vedkomande Tambsvegen.

Vegen vart visstnok bygd i regi av Vikfalli, som oppsto som eit samarbeidstiltak med føremål å byggja ut vasskrafta i Vik. Partane i Vikfalli var det interkommunale kraftselskapet Sognekraft as og det statlege Noregs vassdrags- og elektrisitetsvesen, - NVE, med partsfordeling 12% på Sognekraft og 88 % på NVE. Vikfalli var såleis ikkje nokon juridisk person og alle avtalar som vart inngått av Vikfalli må reknast å vera inngått på vegne av Sognekraft og NVE, og vel også L/L Vestlandske kraftsamband. Som lutlag var Vestlandske kraftsamband eigen juridisk person og står m.a. som saksøkjar i skjønet vedkomande 300 kV-linja Refsdal-Fardal.

Vikfalli hadde lenge eigen administrasjon i Vik, men etter at NVE vart delt og den nye forvaltningsbedrifta Statkraft (Statkraftverka) oppsto, oppretta Statkraft i 1987 eigen administrasjon i Gaupne og overtok administreringa av Vikfalli derifrå. Ved årsskiftet 91/92 vart Statkraft omgjort til to statsforetak, Statkraft sf og Statnett sf. Av stiftingsdokumentet går det fram at Statkraft sf *"vil overta eier- og driftsansvaret for statens produksjonsvirksomhet og utbyggingsvirksomhet knyttet til kraftproduksjon"* og Statnett sf *"overtar eier- og driftsansvaret for statens del av sentralnettet, tilknyttede overføringsanlegg og utbyggingsvirksomhet knyttet til overføringssystemet samt utenlandsforbindelsene"*.

Det synest vera semje om - og Retten legg til grunn - at Sognekraft sit med 12 % og Staten 88 % i dei rettane som vart overtekne ved avtalane om Tambsvegen i 1962. Det vert vidare lagt til grunn at Staten sine partsinteresser er overførde frå Noregs vassdrags- og elektrisitetsvesen til Statkraft/Statkraftverka og vidare til Statnett sf, som opptrer som partsinteressent i saka no.

Partsgruppe I A har gjort gjeldande:

Ved dei avtalane som vart inngått i 1962, så delvis fekk og delvis kjøpte Sognekraft, som representant for utbyggingsinteressene, areal til bygging av Tambsvegen. Det skjedde ei tileigning til eigedom og ikkje berre til bruk. Sognekraft fekk også fri grunn til linjetrasé. Tiltaka førde m.a. til at løypestrenger måtte bort og det ville verta påkravt med ekstra gjerde. Vidare vart det pårekna diverse ulemper med bygginga og vedlikehaldet av veg og linje. For alt dette fekk grunneigarane på Stadeim og Fosse ein alltidvarande bruksrett i Tambsvegen. Det går elles fram av at det vart positivt sagt i avtalane. Dette skulle det ikkje ha vore turvande å presisera, dersom grunneigarane skulle eiga veggrunnen i framtida.

Eit vesentleg moment i dette er at "utbyggingsplanane" også omfatta kraftverk ved Kyrelvi og i samband med det ein inntaksdam på Seimsfjellet. Føremålet med vegen var såleis også å koma til denne dammen. Dette er med på å støtta det synet at grunnen vart overteken.

Når vegeigaren såleis har ein veg som det kviler ein bruks-

rett på for andre, så har han også plikt til å halda vegen vedlike i ein slik grad at bruksretten kan utøvast. Og han er også ansvarleg etter nabolova og veglova for forsvarleg vedlikehald av veganlegget.

Som fylgje av tileigninga skulle det i grunnen ved skyldeling vore tildelt eige matrikkelnummer for vegen. Dette var likevel ikkje vanleg på den tida og at det ikkje vart gjort kan ikkje takast til inntekt for at utbyggjaren berre fekk ein rett til å byggja veg der.

Det er også ved fleire høve, m.a. ved brev av 9.11.93 frå Statkraft sf, opplyst frå utbyggjarsida at utbyggjaren eig vegen.

Feil som har vore gjort av tidlegare jordskifterett, i sak 16/82 Varpavegen, kan i dag ikkje takast som prov for Statnett si oppfatning av rettstilhøva.

Påstand:

1. Veggrunnen og vegen er eigd av Vikfalli/Sognekraft/Statkraft/Statnett.

2. Grunneigarane på Stadheim og Fosse har som erstatning for
   a) grunn til vegen
   b) grunn til linjetrasé
   c) andre rettar (løypestrenger m.v.)
   d) ulemper med bygging og vedlikehald av veg og linje
   fått alltidvarande bruksrett i Tambsvegen.

3. Eigarane av vegen er ansvarleg for å halda i hevd bruksrettane i vegen og vidare av omsyn til naboeigedomane ansvarleg etter nabolova og veglova for forsvarleg vedlikehald av veganlegget.

4. Alle sakskostnader vert pålagd motparten.

Statnett sf har gjort gjeldande:

Generelt gjeld at Statnett sf sine rettar og plikter er fastlagde gjennom eitt eller fleire av dei rettskraftige skjøn som vedkjem utbygginga i Vik, ikkje minst avheimla skjøn som omhandlar høgspentleidninga Fardal-Refsdal. Vidare er vedtaket om å byggja Tambsvegen bygt på avtalane av 15.-19.11.62. I desse er det nedfelt at realiseringa av dette prosjektet bygde på at 145 kV-leidninga (seinare endra til 300 kV) vart bygt slik som den var stukken, at heimelshavarane gav fri grunn til bygging av vegen, at grunneigarane skulle ha bruksrett til vegen og at vegen skulle kompensera for nedlegging av løypestrenger. I avtalane om linja er det ein klår føresetnad at desse skulle gjelda berre dersom Tambsvegen vart bygd. I skjønet av 21.8.69 uttalar skjønsretten at den fann at den vegen som skulle vera motytinga for fri grunn til 145 kV-linja, var så mykje verd at grunneigarane fekk full kompensasjon, såvel for grunnavståinga som for ulempene ved framtidig framdrift av vyrke ovafor linja. Ved dei ulike skjøn som gjeld denne linja, så framtrer spørsmålet om nedlegging av løypestrenger som eit vesentleg argument for tildeling av erstat-

ning.

Dersom det hadde vore meininga at utbyggjaren tileigna seg eigedomsrett til grunnen, så er det naturleg at det hadde vorte halde skylddeling. Dette vart ikkje gjort. Som fylgje av å ha bygt vegen, kan det vera grunnlag for å seia at utbyggjaren fekk eigedomsretten til vegkroppen, men ikkje noko meir.

Vidare må det leggjast vekt på at grunneigarane hausten 1967 fekk rusta opp vegen til ein standard som dei kunne akseptera, for at vilkåra i vegavtalen skulle vera oppfylte. Det er naturleg å sjå på dette som ei overlevering. Grunneigarane fekk herredøme over vegen og overtok han dermed også til vedlikehald.

I dei fleste av dei skjøn der Staten har vore part, så har føresetnaden vore at vegar skulle byggjast til den standard som det aktuelle utbyggingsprosjektet krev. Og vedlikehaldet har i det alt vesentlege vorte konsentrert om å tilfredsstilla dei behov som tilsynet av anlegga krev. I rettsbok nr 3 under Vikfalli, som gjeld skjønet som vart avheimla 28.4.69, er dette formulert slik: *"Fremtidig vedlikehold vil bare bli utført etter ekspropriantens behov"*. Dersom tilsyn, vedlikehald, ekstraordinære tilhøve eller vidare anleggsdrift skulle føra til skadar som reduserar vegens standard, er leidningseigaren pliktig til å føreta turvande opprusting. Dette kjem til uttrykk i punkt 11 i dei generelle skjønsføresetnadene i overskjønet av 26.6.67: *"Vert vegar som hovudstyret nyttar i tida framover skadde, skal det sette dei i stand som før skaden, dersom partane ikkje vert samde om ei onnor ordning"*.

I sak 6/1982 ved Midtre Sogn jordskifterett, som galdt forlenging av Tambsvegen vidare til Varpet, var korkje Sognekraft, Vikfalli eller Statkraft/Statnett registrert som part. Dette må heilt klårt tilkjennegje at desse ikkje vart sett på som grunneigarar vedkomande Tambsvegen.

Påstand:

1. Statnett SF forutsetter at bruksordningen vil omfatte Tambsvegen - fra Fossesvingen til Skorge.

2. Statnett SF vil ikke hevde eierinteresser i Tambsvegen.

3. Statnett SF har en ikke-tidsavgrenset bruksrett til veien.

4. Statnett SF har rett til å ruste opp veien for egen rekning, når foretaket selv finner det påkrevet for egne transportbehov.

5. Statnett SF er ansvarlig for reparasjon av skader eller erstatning for slike utover vanlig slitasje som Statnett SF selv er skyld i.

6. Statnett SF har ikke ansvar verken for opprusting eller ordinært vedlikehold av veien.

Jordskifteretten ser saka slik:

Tilhøva rundt Tambsvegen og 145/300 kV-linja

Avtalen om grunn m.m. til Tambsvegen føreligg i tre "utgåver". Den fyrste, dagsett 16.11.62 (dok 10.5.), har same innleiing som avtalen om fri grunn m.m. til 145 kV-linja (som er dagsett same dag): *"I samband med Sognekraft sine utbyggingsplanar - -. Underskrevne grunneigarar gjev hermed fri grunn - - "* Dei to andre, dagsette 19.11.62 (dok 10.2. og 10.3.), der det skal betalast for veggrunnen, har ikkje tilvising til utbyggingsplanane. Dei seier innleiingsvis: *"Underskrevne grunneigarar gjev hermed Sognekraft og/eller staten rett til å byggja veg frå - - -"*. Desse (tre) avtalane er sjølvstendige, ved at dei ikkje er direkte knytte til andre tilhøve. Den fyrste avtalen nemner rettnok *"Sognekraft sine utbyggingsplanar"*, men ikkje på kva måte og i kva grad desse planane verkar inn. Avtalane kunne såleis vore tolka for seg, men dette er ikkje interessant fordi dei er knytta til avtalen om 145 kV-linja, etter ordlyden i denne.

I avtalen om 145 kV-linja (dok 10.1. og 10.4.), som er dagsett både 16. og 19.11.62, står det på fyrste side: *"I samband med Sognekraft sine utbyggingsplanar må det byggjast ei 145 kV-linje frå Refsdal til Fardal. Underskrevne grunneigarar gjev hermed fri grunn for 145 kV linja Refsdal - Vik - Fardal, og eigaren av linja, høve til å foreta drift- og vedlikehaldsarbeider vederlagsfritt i framtida. Grunnen gjeld for den linjetrassen som er stukken hausten 1962. Skade som vert påført grunneigarane under bygging av linja vert å betala av byggherren ved minneleg semje eller skjøn"*. Etter ein del underskrifter, står det vidare: *"Avtalen vedk. 145 kV linja som er nemnt ovanfor, gjeld berre under forutsetning av at vegen som er stukken frå Fossesvingen til Arnastøl vert bygd"*. På andre sida fylgjer så fyrst resten av underskriftene. (Underskrivarane representerar dei same eigedomane som er førde under takst nr 1 - 12 i linjeskjønet av 21.8.69, dok 24.2.). Deretter kjem *"At - - - eigenhendig og i vårt nærvær har skreve under denne avtalen, og at dei er over 21 år vert vitna:"*, med fire underskrifter. Det er grunn til å tru at dei to fyrste av desse, *"N.Tambs"* og *"John Vange"* i realiteten skreiv under avtalen på vegne av Vikfalli/Sognekraft/NVE, medan dei to siste er dei røynlege underskriftvitna.

Fordi linja i staden vart bygd for 300 kV og grunneigarane ville ha betalt for arealet som denne krov ekstra, vart det halde skjøn den 21.8.69 (dok 24.2.). Her er avtalen om 145 kV-linja trekt inn og både den og ei fråsegn om 300 kV-linja er sitert i rettsboka. Spørsmålet om kva som låg i avtalens uttrykk "fri grunn" melde seg. Saksøkjaren (L/L Vestlandske kraftsamband) meinte visstnok at det skulle omfemna både grunnoppgjer og ulempe, mens (nokon av) dei saksøkte hevda *"at det bare gjelder vederlaget for selve grunnen, men at de skal ha ulempeerstatning også for de ulemper 145 kV-linjen ville føre med seg"*. Saksøkjaren fekk medhald, i det det vart protokollert: *"Retten bemerker at den veien som skulle være motytelsen for fri grunn til 145 kV-linjen, er så meget verd at grunneierne får full kompensasjon såvel for grunnavståelsen som for ulempene ved fremtidig framdrift av virke ovenfor linjen, selv om dette området blir helt rasjonelt utnyttet. Retten antar derfor at de nevnte avtaler må forståes slik at de omfatter også denne ulempe, som alle grunneierne vil få"*. Men *"spesielle tap og ulemper i forbindelse med de løypestrenger som er blitt berørt av kraftlinjen"* skulle det likevel gjevast

erstatning for. Og taksten viser også at for enkelte takstnummer vart det gjeve erstatning for løypestreng som ikkje kunne nyttast vidare. Framdriftsulemper som fylgje av dette er også kompensert. Etter dette må det kunne slåast fast at Tambsvegen ikkje skulle reknast som kompensasjon for eksisterande løypestrenger. Men i den grad nye løypestrenger ville kunne vorte aktuelt *"ved fremtidig framdrift av virke ovenfor linjen"*, så vil vegen, etter ordlyden ovanfor, kunne vera rekna som kompensasjon for at slik framdrift ikkje kan nyttast. Det synest elles som at framtidige framdriftsproblem ikkje har vore rekna som særleg tyngjande, jamfør dei generelle skjønsføresetnadene punkt 8: " - - - *Elles råder dei saksøkte over rydningsbeltet til dyrking, beitemark, framdrift av tømmer og andre ting som ikkje står i strid med det som er nemnt i dei andre punkta i desse skjønsføresetnadene*" og punkt 11: " - - - *Tømmervinsj kan nyttast i kraftlinjegata, men dei saksøkte må varsle linjemeisteren før dei gjer det.* - - - "

I fylgje dei framlagde avtalane, var det ingen av grunneigarane som dels gav fri grunn og dels fekk betalt for veggrunn, men avtalane saman med utbetalingslista (dok 10.13.) viser at det i alle fall var eit par av dei som gav fri grunn som også fekk utbetalt for grunn. Jordskifteretten tolkar dette slik at det var for udyrka mark/skogsmark det vart gjeve fri grunn, medan det skulle betalast for kulturbeite og dyrka mark. Prisen her var ei krone og to kroner per kvadratmeter. Det er ikkje påstått eller hevda at dette ikkje var "full pris". "Avtalen" av 19.4.1963 (dok 10.6.) fortel at det i alle fall i eitt tilfelle vart betalt for meir grunn enn det som vegen fysisk okkuperte.

Vidare seier vegavtalane at grunneigarane skulle ha tre kroner per meter *"naudsynt gjerde"*. Utbetalingslista viser at alle fekk gjerde-erstatning. Semja av 27.6.1966 mellom Nils N Hove og NVE/Vikfalli (dok 21.9), indikerar vidare at det ikkje berre var gjerde langs vegen som vart vurdert.

Skadar og ulemper som kom til å verta påført grunneigarane *"under bygginga av vegen"* skulle erstattast etter minneleg semje eller skjøn. Utbetalingslista viser at det kom til semje om dette og halvparten av dei som er med på den lista fekk slik erstatning.

Semja mellom Nils N Hove og NVE/Vikfalli, treng ei nærare vurdering, i det det her er nemnt erstatning for skade og ulempe, ikkje berre i samband med bygginga av vegen (som nemnt i vegavtalane), men også i samband med (framtidig) vedlikehald. Jordskifteretten tolkar dette slik at gnr 26/20 v/Nils N Hove fekk utbetalt erstatning for skade og ulempe både ved bygginga av vegen og ved NVE/Vikfalli sitt framtidige vedlikehald utløyst av eige bruksbehov. (Meir om dette seinare).

Oppsummering:

Grunneigarane gav gratis grunn til 145 kV-linja - uansett marktype - og til Tambsvegen over skogsmark. Vidare gav dei utbyggjaren rett til å føreta drifts- og vedlikehaldsarbeid på linja i framtida, utan pengevederlag.

Grunneigarane fekk fullt oppgjer for grunntypane dyrka mark og kulturbeite vedkomande Tambsvegen.

Grunneigarane påtok seg alt gjerdehald, både oppsetjing og vedlikehald, og fekk full erstatning i pengar for dette.

Grunneigarane fekk full erstatning i pengar for skadar og ulemper ved bygging av vegen. I alle fall *ein* grunneigar fekk også erstatning for skadar og ulemper som måtte oppstå i sam-

band med seinare vedlikehald.
Grunneigarane fekk full erstatning i pengar for løypestrenger som måtte bort, for alltid eller eventuelt for ei kortare tid. I denne låg også framdriftsulempe som fylgje av at strengen måtte bort (jf dei enkelte takstane i skjønet). Generell framdriftsulempe rekna skjønsretten med var kompensert ved vegens "verdi". Men denne ulempa kan ikkje ha vore rekna som særleg tyngjande, avdi grunneigarane fekk generelt løyve til *"framdrift av tømmer"* i ryddebeltet og til under visse vilkår også å nytta tømmervinsj.

Grunneigedomsretten m.m.

Som motyting for det som grunneigarane hadde ytt som fri grunn m.m., bygde så utbyggjaren (Vikfalli/NVE/Sognekraft) Tambsvegen. I spørsmålet om kva rettsleg realitet som ligg i dette, er Jordskifteretten komen til at utbyggjaren ikkje har tileigna seg grunneigedomsrett. Bakgrunnen for dette synet, er m.a. at det hadde ikkje utbyggjaren bruk for. Det er normalt ikkje turvande å tileigna til eigedom, når tileigning til bruk er like gagnleg, utan at det vert uttrykt eit konkret ynskje om det. Utbyggjaren sitt framtidige høve til å koma fram på Tambsvegen, ville vera like sikkert om han berre tileigna seg ein bruksrett. Når ein veg fyrst er bygd, så er ein alltidvarande bruksrett i realiteten like sikker som ein eigedomsrett til veggrunnen.

Det er ikkje dokumentert noko om kva som låg i "Sognekraft sine utbyggingsplanar". Sjølv om desse skulle omfatta også ein inntaksdam i området, så kan ikkje Jordskifteretten sjå at utbyggjaren dermed skulle ha nemnande større trong for å overta veggrunnen til eigedom. Det kan i den samanhengen visast til dei to framlagde sidene i eit skjøn på Vikafjellet. Dei viser at der har utbyggjaren iallfall ikkje funne det turvande med eigedomsrett til veggrunnen, sjølv om i alle fall to av vegane som er nemnde der - til Muravatnet (Endredalen) og Kvilesteinsvatnet går til demningar. Det er ikkje dokumentert utbyggingssaker, der utbyggjaren har overteke veggrunn til eigedom og Jordskifteretten legg til grunn at det langt vanlegaste i slike saker er at utbyggjaren "berre" tileignar seg ein bruksrett til veg.

I eine vegavtalen står det fri grunn. Det kan isolert sett tyda både at utbyggjaren fekk eigedomsretten til grunnen og at han fekk ein rett til fritt å kunna byggja vegen, utan å betala (med pengar) for okkuperinga av grunnen. Og likeeins om det vert betalt ein kvadratmeterpris, som i dei to andre vegavtalane: Det kan enten tyda at utbyggjaren tileignar seg grunneigedomsrett eller at han berre betalar for å leggja beslag på grunnen. Ordlyden åleine får såleis ikkje noko innverknad på det resultatet som Retten er komen fram til.

I tilknytning til dette kan det elles nemnast at "fri grunn" i avtalen om 145 kV-linja, vart konkretisert slik i punkt 2 i dei generelle skjønsføresetnadene i skjønet av 21.8.69: *"Det som er avstått er ikkje eigedomsrett til grunnen, men rett til for framtida å ha ståande master med straumførande linjer, - - - "*.

I vegavtalane tok grunneigarane seg unna *"rett til å nytta vegen"*. Det er klårt at eit slikt unnatak var naturleg dersom utbyggjaren overtok veggrunnen til eigedom. Jordskifteretten

tolkar likevel setninga slik at føremålet var å slå fast at utbyggjaren sin bruksrett ikkje var eksklusiv, men at grunneigarane skulle kunne bruka vegen, saman med utbyggjaren. Ein konsekvens av dette, som kanskje måtte tyda ein del for grunneigarane, var at utbyggjaren då ikkje kunne stengja vegen under linjebyggingsperioden, for eigen bruk.

Jordskifteretten legg til grunn at Vikfalli/NVE/Sognekraft opparbeidde vegen (iallfall delvis, jf dok 10.8.) og nytta han ved bygginga av stamlinja. (Frå enden av vegen ved Stadeimselvi/Arnastølen gjekk transporten med taubane). Kva tid dette skjedde er mindre interessant, men etter opplysningar i skjønet av 21.8.69 vart linja bygd i 1963. Så gjekk åra og grunneigarane følte at vegen ikkje var i slik stand som han skulle vera, for å oppfylla avtalane av 1962. Det er ikkje dokumentert nokon reaksjon frå grunneigarane før i september 1967, då advokat Harris tok kontakt med Sognekraft om problema. Dette resulterte i ei synfaring i november 1967 av eit tremanns-utval av grunneigarar og det vart oppsett ei detaljert liste over manglar. Det må leggjast til grunn at dette var det grunneigarane meinte skulle til for at vegen skulle vera den "betalinga" som føresett i vegavtalane, altså ei *ferdigstilling* før dei sjølve overtok vedlikehaldet. Dersom utbyggjaren framleis skulle ha ei vedlikehaldsplikt for å kunne oppfylla skyldnader overfor grunneigarane, så ville det vore å venta at utbyggjaren hadde oppfylt denne plikta i åra som fylgde eller at grunneigarane hadde kravt slikt vedlikehald. Men noko slikt er ikkje prova. Og det står for Jordskifteretten som heilt utenkjeleg at det ikkje skulle vera trong for vedlikehald på ein slik veg, frå slutten av 1960-talet til denne saka kom opp eller vart påemna.

Verdiane av det som grunneigarane "mottok" og "leverte" i samband med avtalane av 1962 og skjønet av 1969, har ikkje Jordskifteretten grunnlag for å rekna ut. Men ein kan i alle fall slå fast at grunneigarane ikkje har funne "verdien" av det å få bygt Tambsvegen større enn at dei ville ha grunnerstatning for utvidinga av kraftlinja. Retten meiner likevel - heilt skjønsmessig - at den verdien som det låg i det gratis å få bygt ein slik veg som tilkomst til m.a. stølen, fullt ut kompenserar for verdien av "fri grunn". Skulle det i tillegg reknast at grunneigarane for all framtid skulle ha ein vedlikehalden veg til disposisjon, så ville dette auka "vegverdien" i ein slik grad at den ikkje står i noko rimeleg høve til motytinga, fri grunn.

Det er dokumentert tre tilfelle der utbyggjaren har nemnt seg som eigar av vegen: NVE si påteikning av 6.10.78 på dokument returnert til Politimeistaren i Sogn (dok 10.12.), fullmakta av 9.1.92 frå Vikfalli til det mellombels vegstyret (dok 2.5.) og svarbrev av 9.11.93 frå Statkraft (dok 13.1.). Det er uklårt om det her vert gjeve uttrykk for at utbyggjaren meinest å eiga vegen som fylgje av at han har bygt han, at han har eigedomsretten til vegkroppen eller at han har eigedomsretten til veggrunnen. Statnett har både i prosess-skriv og under hovudforhandlinga hevda og argumentert for at utbyggjaren ikkje tileigna seg eigedomsrett til veggrunnen og har vunne fram med det, ved at Jordskifteretten har funne det mest sannsynleg ut frå avtalane og tilhøva omkring utbygginga i 1960-åra. Om utbyggjaren undervegs - medvite eller umedvite - har *hevda* noko som kan tolkast annleis, så kan ikkje det få nemnande innverknad, dersom det ikkje vert stadfesta ved ei konkret handling. Og Jordskifteretten finn ikkje dokumentert eller sannsynleggjort noko som tyder på at utbyggjaren har *opptrådt*

som grunneigar.
Det skal også nemnast at det av desse tre dokumenta som elles skulle kunne tilleggjast størst vekt fordi det er monaleg eldre enn dei andre, er påteikninga av 6.10.78. Men Jordskifteretten finn det vanskeleg å vurdera utsegna i dette dokumentet nærare, fordi det ikkje går fram noko om på kva bakgrunn eller med kva føremål utsegna vart gjeve.

I spørsmålet om kven som eig vegmassane, *vegkroppen*, så er Retten av den meining at når slike vegar er bygde, så er vegkroppen i realiteten ein del av grunnen. Vegbygginga er såleis berre ei *endring* av grunnen. Vegen kan neppe sidestillast med eit byggverk i denne samanhengen. Men sjølv om det skulle vera slik at vegkroppen reint juridisk høyrde til utbyggjaren etter bygginga, så vart han i alle fall overført til grunneigarane ved den reelle ferdigstillinga og (uformelle) overtakinga mot slutten av 1960-talet.

Statnett får medhald i at det som gjekk føre seg i sak 6/1982 ved Midtre Sogn jordskifterett, klårt indikerar at Vikfalli eller andre på utbyggjarsida ikkje var rekna som grunneigar vedkomande Tambsvegen. Ein frå Seim, ein frå Tenål og ein frå Stadeim kravde saka og representanten frå Stadeim var også sentral ved at det var han som for jordskifteretten gav orienteringa om kravet. Ti av grunneigarane på Stadeim var registrert som partar. Fem av dei vart registrert som frammøtte. Det er nærast utenkjeleg at Stadeimingane kunne vera med på å setja i gang ei slik sak, som altså var ei vidareføring/forlenging av Tambsvegen, dersom dei meinte at *eigaren* av Tambsvegen ikkje var varsla.

Utbyggjaren sin bruksrett

Utbyggjaren sin rett i vegen må primært grunna seg på det faktum at han har bygt vegen for eit bestemt føremål, i dette tilfelle som tilkomst i samband med bygging og vedlikehald av stamlinja (og eventuelle anlegg i samband med kraftstasjon). Desse rettane er elles sikra ved skjønet av 21.8.69. I punkt 3 i dei generelle skjønsføresetnadene går det fram at hovudstyret (NVE) skal ha rett til *" - - - transport av alt naudsynleg materiell til bygging og vedlikehald av linja, - - -"*. Dette er ein generell transportrett til linja *"i tverr-retningane"*. Og vidare: *"I dette inngår rett til fritt å nytte dei vanlege gards-, skogs- og vintervegar på dei eigedomane som kraftlinja er på"*. Dette tyder at utbyggjaren ikkje skal betala noko for slik framtidig tilkomst, korkje på vegar eller elles, men *"påviselege skader som eigedomane vert påførde i framtida ved den attverande bygginga av kraftlina og ved naudsynleg vedlikehald, ettersyn eller fornying, jfr. punkt 3, vert å fastsetje ved seinare rettsleg skjøn i fall det ikkje vert semje om oppgjeret"*. (Punkt 11 i skjønsføresetnadene).

Den konkrete vurderinga av om - og i tilfelle i kva grad - Statnett/Sognekraft skal delta i vedlikehaldet av vegen, vert å føreta seinare, i samband med vurderinga av andre interessentar sine eventuelle rettar og plikter i vegen.

Vegen går over innmark/særeigeteigar. Den enkelte grunneigar eig derfor grunnen - og vegkroppen - på sin teig. Og sjølv om det i realiteten er uturvande å nemna det, så vert det presisert at alle dei berørte grunneigarane har gjensidig

bruksrett i Tambsvegen over teigane til kvarandre. Vedlikehaldsprosenten for den enkelte vert å fastleggja seinare i saka, i samband med vurderinga av andre interessentar sine eventuelle rettar og plikter i vegen.

Retten tolkar partsgruppe 1 A sin påstand om kostnadene slik, at det er snakk om dei kostnadene som denne konkrete tvisten påfører saka. Ettersom partsgruppa ikkje har vunne fram med sitt syn, er det ikkje grunnlag for å påleggja Statnett/Sognekraft alle kostnadene. Den konkrete fordelinga av sakskostnadene, for denne delen av saka såvel som for resten, vert å føreta ved avsluttinga på vanleg måte.

Slutning:

1. Eigarane av teigar som Tambsvegen går over, eig veggrunnen, kvar part for sin teig (sine teigar).

2. Statnett sf og as Sognekraft har alltidvarande bruksrett i vegen.

* * *

Domen vert sett til påanke straks.

Saka vert utsett til domen eller eventuell anna rettsavgjerd er rettskraftig.

Kostnadene vedkomande vedkomande møtet den 25.oktober og i dag, kr 2415,20, er debiterte i saksrekneskapen.

Leikanger, 14.november 1995

Øystein Lavik

Odd Urdal Bjelle

Jon E Lidal

Den 13.august 1996 vart jordskifterett sett i Kommunehus II i Vik, med same rettspersonalet som tidlegare i saka.

Sak nr 3/1993

Desse partane er kalla inn:

Sæbø		
gnr	1/36, 65	John Thune
	1/124, 165	Sigurd Thune
Seim		
gnr	3/1, 25	Bjørg Seim
hytte under	3/1	Ingeborg Seim v/verje Marie Andersen
	3/2, 3	Anfinn A Seim
	3/4	Gjert Johan Aase
hyttetomt under	3/4	Olav Jakob Aase
	3/6	Hydro aluminium
	3/7, 12	Inge Johannes Tenold
	3/9	Svanhild Grønsberg Johnston
	3/41 (hytte)	Kjersti og Kjell Egil Mo
	3/42 (hytte)	Solveig Grønsberg Aksnes
	3/43 (hytte)	Aud Grønsberg Helland
Tenål		
gnr	4/2, 3, 10	Jon Harald Tenold
	4/4	Sveinung Tenold
	4/6	Brit Gunlaug Risløv
	4/11	Håvard Tenold
hytte under	4/11	Brita og Arne Sandvoll
	4/12	Sissel Tenold Bjørge
	4/13, 5/18	Sigtona og Andreas Gausdal
	4/14, 39, 71, 72	Erlend Tenold
	4/15	Ivar A Tenold
	4/17, 20	Anders Følid
	4/18	May Trude Tenol-Tuxen
	4/21, 40	Kristin Pedersen *(Sigtona Hansen)*
	4/22, 29	John M Tenold

	hytte under 4/22	Martin Gunnstein Holen
	gnr 4/24	Olav O Tenolds bu
	4/31	Jan Ove Flisram
	4/43	Ingvar Midlang
	hytte under 4/43	Familien Thune v/John Thune
	4/82	Gunvor og Kåre Vange
	4/84 (hytte)	[John M Tenold]
Stadeim		
	gnr 5/1, 5	Erling A Stadheim
	5/2	Helge I Stadheim
	5/3	Olav G Stadheim
	5/4	Harald Stadheim
	5/6	Oddbjørn Stadheim
	5/7	Rita Thunes Stadheim
	5/11	Lars Stadheim
	5/13, 19	Oddvar I Grønsberg
	5/14	Borgny og Levald Helleland
	5/17	Ola O Stadheim
	5/18	[sjå gnr 4/13]
	5/20	Karen og Olav P Fosse
Føli		
	gnr 6/4	Lars Følid
Fosse		
	gnr 7/2	Nils Ove Fosse
	7/4	Berit Ingunn Fosse
	7/10	Ola M Fosse
Hove		
	gnr 26/20	Arnstein Hove
Kraftlinje		Statnett sf
-- " --		As Sognekraft
Andre		Vik kommune

Innkallinga er send i vanleg brev, unnateke til desse som ikkje har vore varsla før: Olav Jakob Aase. Kjersti og Kjell Egil Mo. Solveig Grønsberg Aksnes. Aud Grønsberg Helland. Brita og Arne Sandvoll. Martin Gunnstein Holen. Dei er innkalla ved rekommandert brev.

Desse møtte:

John Thune. Sigurd Thune. Trygve Seim for Bjørg Seim. Anfinn A Seim. Gjert Johan Aase og faren Sigurd Aase Seim. Aleksander Johnston for Svanhild Grønsberg Johnston. Konrad Aksnes for Solveig Grønsberg Aksnes. Aud Grønsberg Helland. Jon Harald Tenold. Jon I Risløv for Brit Gunlaug Risløv. Håvard Tenold. Arne Sandvoll. Andreas Gausdal. Erlend Tenold. Ivar A Tenold. Martin Gunnstein Holen. Ingvar Midlang. Rita Thunes Stadheim og Ragna Stadheim. Eivind Helleland for partane på Stadeim (unnateke Rita Thunes Stadheim),

for Nils Ove Fosse og for Arnstein Hove. Lars Følid. Andreas Ulltveit Moe for Statnett. Oddbjørn Ese for Sognekraft. Varaordførar Erik Lidal for Vik kommune.
Det var ingen merknader til Retten, korkje med omsyn til samansetjing eller habilitet.

Desse dokumenta vart lagde fram:

31. Avtale av 21. og 22.12.87 mellom styret for Varpavegen og Statkraft/Breheimverkene om bruksrett i Varpavegen.
32. Avtale av 18.12.87 og 5.1.88 mellom grunneigarar på Sæbø og Seim og Statkraft/Breheimverkene om bruksrett i Skorgevegen.
33. Brev av 13.2.96 til partsgrupper og partar, om synspunkt på visse ting i den vidare handsaminga av saka.
34. Brev av 22.2.96 frå Statnett, vedkomande dok nr 33, med vedlegg:
    1. Brev av 4.9.92 frå Statnett til Mellombels vegstyre for Tambsvegen, vedk "opprusting av Tambsvegen, oversending av avtaleutkast" (d s s dok 2.15)
    2. Brev av 18.8.93 frå Statnett til Mellombels vegstyre for Tambsvegen, om opprusting av Tambsvegen (d s s dok nr 12).
    3. Justert avtaleutkast om Tambsvegen, Varpavegen og Skorgevegen (d s s dok 12.1)
35. Brev av 26.2.96 frå Rita Thunes Stadheim, vedkomande dok nr 33, med eit utklipp frå Firda Tidend den 28/12 1993.
36. Brev av 3.3.96 frå Sæbø/Seim/Tenål-partane, vedkomande dok nr 33.
37. Brev av 8.3.96 frå Sognekraft, vedkomande dok nr 33, med vedlegg:
    1. Brev av 24.11.1987 frå styret i Varpavegen til Sognekraft, om tilskot til Varpavegen.
    2. Avtale av 10.1.91 mellom Sognekraft og Skorgevegen, om tilskot til Skorgevegen.
    3. Sognekraft-styret sitt vedtak i sak nr 71/90 om tilskot til m a Skorgevegen.
    4. Sognekraft-styret sitt vedtak i sak nr 43/86 om tilskot til Varpavegen
38. Brev av 29.3.96 til Vik kommune, om partsrepresentasjon.
39. Brev av 17.4.96 frå Rita Thunes Stadheim, merknad til dok nr 36.
40. Brev av 6.5.96 frå Stadeim/Fosse-partane, vedkomande dok nr 33.
41. Møteinnkalling av 9.7.96, vedhefta kvittering for rekommanderte brev til nye partar.
42. Brev av 18.7.96 frå Vik kommune, vedkomande dok nr 38.
43. Prosess-skriv av 2.8.96 (motteke 8.8.) frå Sæbø/Seim/Tenål-partane, vedlagt kopi av to sider vedrørande konsesjonshandsaminga av Arnafjordsvassdraget m.m. i 1969.
44. Fullmakt av 12.8.96 frå Bjørg Seim til faren Trygve Seim.
45. Fullmakt av 9.8.96 frå Svanhild G Johnston til ektemaken Aleksander S Johnston.
46. Fullmakt av 9.8.96 frå Solveig G Aksnes til ektemaken Konrad Aksnes.

Dokumenta vart opplesne i den grad det vart funne turvande.

I tillegg hadde ein tilstades utskrifter og saksmapper for tidlegare jordskiftesaker i området.

Under møtet vart innlevert

- side 51-56 av "Meddelte vassdragskonsesjoner", pkt 17 Arnafjord-vassdraget m.m. (Kgl. res. av 27.juni 1969) og særtrykk av reguleringsvedtektene, som supplement til framlagt dokument nr 43.

I sitt prosess-skriv av 2.8.96 hadde Sæbø/Seim/Tenål-partane sett fram krav om at saka skulle "avvisast". Etter ein del drøftingar vart kravet trekt attende.

Ved tilleggskrav av 15.9.93 kravde Sæbø/Seim/Tenål-partane saka utvida til også å gjelda Varpavegen. I møtet den 23.3.94 vart vurdering av tilleggskravet utsett.

I brev av 3.3.96 har Sæbø/Seim/Tenål-partane vidare sett fram krav om at Vik kommune skulle trekkjast inn som part i Varpavegen og påleggjast del av vedlikehaldet. Med dette som bakgrunn er kommunen innkalla til møtet.

I domen av 14.11.95 vart Statnett og Sognekraft tillagde bruksrett i Tambsvegen. Korvidt dei også skulle påleggjast å delta i vedlikehaldet, vart utsett til seinare vurdering. Tilsvarande vurdering må gjerast for Varpavegen.

Under sakshandsaminga har det konkretisert seg usemje mellom partane om kven som har bruksrett i Tambsvegen.

Til avgjerd føreligg såleis:

- Spørsmålet om fremjing av tilleggskravet.
- Spørsmålet om Vik kommune sine partsplikter i Varpavegen.
- Spørsmålet om Statnett og Sognekraft har vedlikehaldsplikter i Tambsvegen og Varpavegen.
- Spørsmålet om bruksrett i Tambsvegen.

Spørsmålet om fremjing av tilleggskravet

Sæbø/Seim/Tenål-partane og Stadeim-partane (unnateke Rita T Stadheim) er no samde om at Varpavegen må takast med i saka.

Rita T Stadheim hevdar at Tambsvegen er ein privat veg over innmark, gardsveg, og at ingen andre enn Stadeimingane har lov å bruka vegen. Domen av 14.11.95 stadfester dette. Vegen var ei godtgjersle frå kraftutbyggjaren til grunneigarane og ingen andre har rett til å bruka vegen. Varpavegen er ikkje nokon jordbruksveg, men ein skogsveg og hennar forgjengarar protesterte heile tida mot vegen.

Jordskifteretten ser klåre føremunar i å samordna drifta av dei to vegane. Ved samordning får ein eitt vegfellesskap å administrera i staden for to og parkeringsplassen/opplagsplassen på Varpet gjev ei naturleg avgrensing mot resten av vegnettet. Rita Stadheims innvendingar har ingen relevans til dette spørsmålet då det er tvillaust at det er etablert rettslege tilhøve i

Tambsvegen som tilseier at vegen ikkje (lenger) er ein særveg for Stadeimingane. Og sjølv om det ikkje skulle vera slik, så ville det i dag vera kurant å etablera slike rettar.

Jordskifteretten gjorde samrøystes slikt

vedtak:

Tilleggskravet av 15.9.93 vert fremja og det vert skipa eitt vegfellesskap av *Tambsvegen* og *Varpavegen*.

I dei andre spørsmåla fekk så partane høve til å fremja og underbyggja sine syn, i tillegg til det som er kome fram under saksførebuinga, og tvistane vart tekne opp til avgjerd.

I samband med tvisten om bruksrettar i Tambsvegen, fremja Helleland eit forlikstilbod/forslag, men partane kom ikkje til semje.

Elles vart ein del spørsmål i samband med framtidig reglement og styringsreglar drøfta.

Retten heva

13.august 1996

Øystein Lavik

Jon E Lidal

Odd Urdal Bjelle

Den 4.september 1996 vart jordskifterett sett på Jordskifte-kontoret i Leikanger, med det same rettspersonalet.

Sak nr 3/1996

Partane var ikkje innkalla.

Retten var samla for å ta avgjerd i dei tre spørsmåla som sto att frå møtet den 13.august. Etter drøftingar og røysting i einerom, sa Jordskifteretten samrøystes slik

ORSKURD

Spørsmålet om Vik kommune sine partsplikter i Varpavegen

Sæbø/Seim/Tenål-partane og Fosse/Stadeim-partane har gjort gjeldande:

Kommunen ytte tilskot i samband med Varpavegen, under føresetnad av at vegen skulle vera open for ålmenn ferdsle. Kommunen har også lova tilskot til opprusting av Tambsvegen. Ålmenta si interesse og bruk har stadig auka på. Vegen gjev tilgang til store friluftsområde og både idrotten, turismen og ymse institusjonar gjer seg stadig meir bruk av vegen og området. Sjølv om kommunen sikkert også vil koma til å gje tilskot i framtida, så er dette for lite forpliktande og kommunen må inn og ta del i vedlikehaldet. Høveleg prosenttal kan vera 20.

Vik kommune har gjort gjeldande:

Kommunen har ytt store tilskot til veganlegget, og større enn det som er vanleg for slike prosjekt. Difor vart det teke atterhald om at vegen også skulle vera open for ålmenn ferdsle, men dette kan ikkje binda opp kommune slik at han no vert å rekna som part og pålagd fast del av vedlikehaldskostnadene. Kommunen har ikkje eigedomar eller særinteresser i området.

Rita T Stadheim er samd med Vik kommune i at kommunen ikkje har plikter i Tambsvegen.

Jordskifteretten ser saka slik:

Ingenting av det som er kome fram om dette spørsmålet, kan gje rettslege haldepunkt for å påleggja Vik kommune partsinteresser i Varpavegen. Av møteboka for kommunestyret vedkomande sak 11/85, går det fram at grunnlaget var *søknad* frå styret for Varpavegen om kommune*tilskot* til bygginga og at søknaden fekk ei ordinær kommunal handsaming. Generelt vil det elles også vera høgst uvanleg å tilleggja yting av tilskot ein slik verknad som grunneigar-partane her påstår og Retten kjenner ikkje til tilfelle der det har vorte gjort.

Det at kommunestyret stilte som *vilkår* at vegen skulle vera open for ålmenn ferdsle, kan heller ikkje føra til partsansvar for kommunen i ettertid. Det var nemleg i saksdokumenta presisert "ålmenta si interesse av vegen som turveg/utfartsveg" og dette vart forsterka i møteboka vedkomande kommunestyresak 133/87, der det er sagt at "vegen er brukt svært mykje av ålmenta som utfartsveg" og at "denne bruken truleg berre vil auka i åra framover". Ålmenta sin bruk av vegen har såleis vore kjend og pårekna heilt frå starten og ved å ta mot tilskotet har grunneigarpartane (v/vegstyret) akseptert vilkåret kommunen sette for å gje sine *eingongstilskot.*

Det må elles leggjast vekt på at kommunen ytte *ekstra store* tilskot til vegen, som ein *kompensasjon* for at ålmenta skulle få rettar i vegen.

Slutning:

Vik kommune er ikkje part i vegfellesskapet Varpavegen.

Spørsmålet om Statnett og Sognekraft har vedlikehaldsplikter i Tambsvegen og Varpavegen.

Sæbø/Seim/Tenål-partane og Fosse/Stadeim-partane har gjort gjeldande:

Statnett og Sognekraft har i domen av 14.11.95 fått bruksrett i Tambsvegen. Dei har også interesse i Varpavegen, ved at dei har ytt til vegen, til liks med grunneigarane. I kraft av dette må det vera rimeleg at dei vert pålagde å ta del i vedlikehaldet. Høveleg prosenttal kan vera 5 på kvar av dei.

Statnett har gjort gjeldande:

Det var Vikfalli som bygde Tambsvegen og Statnett har som etterfylgjar etter Vikfalli-parten Noregs vassdrags- og elektrisitetsvesen fått sine rettar i Tambsvegen stadfesta i domen av 14.11.95. I ekspropriasjonsskjønnet av 21.8.69 for stamlinjekraftleidning Fardal-Refsdal er det

fastsett at utbyggjaren har fri framtidig bruk av vegen. Statnett har likevel - under visse føresetnader - vore innstilt på å yta eingongstilskot til opprusting av vegen, men kan ikkje ha plikt til å vera med på det laupande vedlikehaldet. Elles er Statnetts bruk av vegen av lite omfang, då linjetilsynet i dag for det meste føregår ved helikopter. Statnett har vidare ytt tilskot til Varpavegen (og Skorgevegen). I samband med det vart det oppretta avtalar der Statnett (då Statkraft) vart friteken for vedlikehaldskostnader.

Sognekraft har gjort gjeldande:

Rettane i Tambsvegen er dei same som for Statnett. Også Sognekraft har ytt tilskot til Varpavegen (og Skorgevegen) og i samband med dette inngått avtalar som sikrar at Sognekraft ikkje skal delta i vedlikehaldet.

Jordskifteretten ser saka slik:

Statnett og Sognekraft sine rettar i Tambsvegen er omhandla i domen av 14.11.95. Der vart det vist til stamlinjeskjønnet av 21.8.69, der det i skjønnsføresetnadene er sagt at utbyggjaren skulle ha rett til transport av alt naudsynleg materiell til bygging og vedlikehald av linja og at "I dette inngår rett til fritt å nytte dei vanlege gards-, skogs- og vinterveger på dei eigedomane som kraftlinja er på". Tambsvegen er ein slik veg og *fritt* må etter samanhengen tyda *gratis/utan kostnad*.

Når det gjeld Varpavegen, så gav både Statkraft og Sognekraft tilskot til vegen og heller ikkje her - som for kommunen - kan ei støtte i form av tilskot utan vidare føra til plikter for ytaren. I tillegg er det godtgjort at både Statkraft (Statnett) og Sognekraft skriftleg sikra seg bruksrett og tok unna at dei skulle vera fritekne for vanleg vedlikehald. Men for både Tambsvegen og Varpavegen er det lagt til grunn at særleg slitasje og skader som Statnett/Sognekraft valdar, skal erstattast særskilt.

Slutning:

Statnett og Sognekraft har ikkje vanlege vedlikehaldsplikter i Tambsvegen og Varpavegen.

Spørsmålet om bruksrett i Tambsvegen.

Fosse/Stadeim-partane, som Eivind Helleland representerar, har gjort gjeldande:

Partane på Seim og Tenål kan umogeleg ha fått seg tilført rettar i Tambsvegen som fylgje av Varpasaka. Utgangspunktet for dette er at eigaren av vegen ikkje fullt ut var gjort til part, ved at heimelshavarane til eigedomar langs den sørlegaste fjerdeparten av Tambsvegen ikkje var innkalla som partar. Dette til tross for at frammøtte partar og Jordskifteretten i fellesskap hadde ein gjennomgang av partslista og utvida ho med heile sju partar. Alle dei innkalla partane

frå Stadheim var sjølvsagde partar i høve nyanlegget, dvs vegen frå nedste svingen ved Stadeimselvi til Varpet. Eigedomar som gnr 5/20 og 7/2 hadde ingen partsinteresser og vart aldri vurdert som aktuelle partar i Varpasaka.

Dessutan vart det i Varpaveg-saka utarbeidt ein fordelingsnøkkel som galdt bygging og vedlikehald av vegstrekninga frå Tambsvegen til Varpet. Det er ikkje grunnlag for å hevda at *vedlikehaldet* skulle gjelda også Tambsvegen.

Ut over partane på Fosse og Stadeim, og Statnett/Sognekraft, er det ingen andre som har rett til å nytta Tambsvegen. Jordskifteretten må difor no tildela turvande bruksrettar i vegen og verdsetja desse, som kompensasjon til Tambsveg-eigarane.

Sæbø/Seim/Tenål-partane har gjort gjeldande:

Ved si deltaking i Varpasaka, fekk Sæbø/Seim/Tenål-eigarane automatisk rettar i Tambsvegen, i og med at Varpavegen er ei lenging av Tambsvegen. Partar på Stadeim var innkalla og hadde fullt høve til å protestera, dersom dei meinte at så ikkje skulle vera tilfelle. Det kan også nemnast at Sæbø/Seim/Tenål-partane hadde ein munnleg avtale alt før vegen var ferdig, om at dei kunne nytta han for å koma til fjells. Sjølv om Varpasaka var ei lenging av Tambsvegen frå nedste brui til Varpet, og konkluderte med ei fordelingsliste for anleggskostnadene, så var føresetnaden at *vedlikehaldet* av heile vegen frå Fossesvingen til Varpet skulle delast etter den same lista.

Ved yting av kommunalt tilskot til Varpavegen, vart det stilt som vilkår at vegen skulle vera open for ålmenn ferdsle. Også i den kongelege resolusjonen om utbygging av Arnafjord-vassdraget vart det sagt at alle vegar skulle vera opne for ålmenn ferdsle. Rettnok var Tambsvegen bygd før resolusjonen var handsama, men det vart gjeve ein "forhåndstiltredelse" på vegarbeidet, då planprosessen ikkje var fastlagd. Som kjent skulle vegen i utgangspunktet vera ein del i utbygginga av kraftstasjon på Vetløyri.

Eit anna uttrykk for Sæbø/Seim/Tenål-partane sine rettar i vegen, er at dei har delteke i vedlikehaldet og har ved fleire tilhøve rykt ut for å hindra flaumskade på jord og hus på eigedomane nedunder.

Rita T Stadheim har gjort gjeldande:

Tambsvegen var i si tid ei betaling til grunneigarane på Stadeim for ulemper i samband med kraftutbygging. Vegen går over innmark og er såleis ein privat gardsveg, der ingen andre enn grunneigarane har lov til å køyra. Hennar forgjengarar har heile tida protestert mot andre sin bruk av vegen. Det har vore sett opp skilt om vegstatus og stenging og det har vore fokusert på saka i avisene. Likevel har bruken av vegen halde fram og det har skapt utolelege tilstandar, spesielt med omsyn til gjerdehald og beitedyr.

32

Jordskifteretten ser saka slik:

1.

Gjennom sak nr 6/1982, Varpaveg-saka, vart det skipa bruksrettar i Tambsvegen. Dei fleste av grunneigarane langs Tambsvegen var partar i Varpaveg-saka og det er ikkje protokollert eller sannsynleggjort nokon protest mot at nye brukarar skulle få koma inn på Tambsvegen.

At ikkje alle grunneigarane langs Tambsvegen var partar i Varpaveg-saka, kan ikkje tilleggjast nemnande vekt i dag. Jordskifteretten finn det rimeleg å tru at også desse visste om at Varpaveg-saka var i gang og kva som gjekk føre seg der. Dette ut frå at Varpaveg-saka vedkom så mange i nærmiljøet at det vil vera nærast utenkjeleg at ikkje også dei resterande grunneigarane fekk kjennskap til ho. Dessutan hadde det vore ein del arbeid med vegspørsmålet før saka kom til jordskifteretten, i form av utferding av "avtale" og "kontrakt". Dei hadde såleis fullt høve til å melda seg for jordskifteretten, dersom dei hadde innvendingar. I alle høve har dei fått kjennskap til Varpavegen straks arbeidet med vegen tok til. Det må også leggjast vekt på at Varpavegen vart ei offentleg sak, ved at det vart søkt om kommunalt tilskot.

Same vurdering må gjelda vedkomande det at Vikfalli ikkje hadde partstatus i Varpaveg-saka. Andelshavarane i Vikfalli mottok i ettertid søknad om tilskot til vegen. Det må vera grunn til å rekna med at dei hadde reagert då, dersom dei fann at det hadde vorte føreteke ting som gjekk deira interesser for nær.

Det måtte kvila eit særleg ansvar på dei Tambsveg-partane som var registrert i Varpaveg-saka - og spesielt dei som møtte på møta - å syta for at *alle* dei som dei meinte hadde interesser å ta vare på, vart registrerte av jordskifteretten, både grunneigarar og andre rettshavarar.

2.

Prosentfordelingslista i sak nr 6/1982, Varpaveg-saka, galdt berre Varpavegen, både med omsyn til opparbeiding og vedlikehald. Jordskifteretten finn ingen haldepunkt for at vedlikehaldet skulle omfatta også Tambsvegen. Sjølv om veganlegget eit par gonger er nemnt som strekninga *Fossesvingen - Varpet* (i eit kontraktutkast før saka starta og i referatet av den eine sakskrevjaren si utgreiing for jordskifteretten), så syner rettsboka elles og tilhøyrande dokument at veganlegget var Varpavegen, altså vegen frå enden av Tambsvegen ved nedste brua over Stadeimselvi til Varpet, (med tilvising m.a. til kapitlet "Veg til Varpet" i rettsboka og kommuneingeniørens utgreiing og kostnadsoverslag for vegen *Stadheimselva - Varpet*). Grunneigarane langs den nedste halve kilometeren av Tambsvegen var ikkje med i Varpaveg-saka og Jordskifteretten finn det usannsynleg at dei Tambsveg-eigarane som var med i Varpaveg-saka skulle akseptera at dei resterande Tambsvegeigarane skulle gå fri vedlikehald av Tambsvegen.

3.

Av samla veglengd går 45 - 50 % av Varpavegen på Stadeim-grunn. Prosentfordelingslista i sak 6/82, enda til slutt på samla 10 % på Stadeim-eigarane, etter at dei same eigarane hadde teke på seg høvesvis 19 % og 0 % i ein "avtale" og ein "kontrakt" før jordskiftesaka og dei hadde kjempa for null prosent i jordskifteretten. Det kjem ikkje fram noko grunngjeving for at Stadeimingane endra frå nitten til null prosent. Heller ikkje jordskifteretten har gjeve noko opplysning om grunnlaget for si liste. Dersom ein legg til grunn at Stadeimingane etter

veglengd skulle hatt større prosent, så ser Jordskifteretten to forklaringar på Stadeimingane sin låge prosentsats i sak 6/82: At den var meint som kompensasjon for bruksrett i Tambsvegen eller at den skulle vera kompensasjon for at Varpavegen går over Stadeim sin *støl* og at Stadeimingane der hadde gjeve fri grunn. Ein kombinasjon av dei to forklaringane er også mogeleg.

Jordskifteretten går ikkje nærare inn på dette. Det må i alle høve vera slik at når ikkje anna er sagt, så må kompensasjonsspørsmålet reknast å vera avgjort i Varpaveg-saka.

I slutten av denne saka skal Jordskifteretten fastleggja ei prosentfordelingsliste for det nye vegfellesskapet Tambsvegen og Varpavegen. Dette må skje etter ei samla vurdering av dei to vegane og ut frå dagens brukssituasjon.

4.

Som ein fylgje av at Varpaveg-fellesskapet ved sitt styre søkte om kommunalt tilskot til dekking av byggjekostnadene og tok imot tilskotet, etter at kommunen hadde stilt som vilkår at vegen skulle vera open for ålmenn ferdsle, så fekk ålmenta etablert bruksrett i Varpavegen. Sidan Varpavegen var ei lenging av Tambsvegen, og Tambsveg-eigarane var representert i Varpaveg-saka og Varpaveg-styret, er det innlysande at bruksretten også måtte gjelda Tambsvegen, fordi noko anna vil vera meiningslaust.

I dette ligg det ikkje at ålmenta har rett til *gratis* bruk av vegane. Ålmenta må til liks med andre rettshavarar finna seg i å delta både i turvande opprusting og vedlikehald. I den grad ålmenta sin del ikkje vert dekka av offentlege tilskot, vil det kunne verta aktuelt å etablera ei bompengeordning. Avgjerd om dette vil liggja til det vegfellesskapet som no vert skipa.

5.

Resolusjonen om Arnafjordsvassdraget finn ikkje Jordskifteretten å kunne tilleggja vekt. Den vart vedteken etter at Tambsvegen vart bygd og den "forhåndstiltredelsen" som Sæbø/Seim/Tenål-partane har nemnt, er ikkje sannsynleggjort.

6.

Rita Thunes Stadheim (gnr 5/7) sine innvendingar om at Tambsvegen er ein særveg, ein privat gardsveg, for brukarane på Stadeim, som ingen andre har rett til å bruka, kan - i tråd med det som tidlegare er sagt i bruksrettspørsmålet - ikkje tilleggjast vekt. Rettnok var det slik at Tambsvegen i utgangspunktet var ein kompensasjon for dei eigedomane som vegen går over, i samband med kraftutbygginga. Men det som hende i samband med Varpaveg-saka, skapte nye bruksrettstilhøve og det må vera innlysande at det rette tidspunktet for å protestera, var i samband med den saka. Eigaren av gnr 5/7 fekk til liks med hine lovleg varsel om saka og innkalling til rettsmøte, men møtte ikkje og gjorde heller ikkje sitt syn gjeldande for jordskifteretten på annan måte. Ved å ikkje anka, så aksepterte gnr 5/7, som dei andre, avgjerda til jordskifteretten. Då har det lite for seg i ettertid å opptre som om jordskiftesaka om Varpavegen ikkje eksisterar, med tiltak som plakatar om vegstatus og vegstenging, innlegg i avisene, og liknande.

Dei problema som har vore nemnt, er nettopp slike som skal løysast no, i samband med utarbeiding av reglar for det nye vegfellesskapet.

Slutning:

Sæbø/Seim/Tenål har i kraft av jordskiftesak nr 6/1982 fått bruksrett også i Tambsvegen og spørsmålet om eventuell erstatning for bruksretten vert rekna å vera avgjort i den saka.

* * *

Orskurden vert sett til påanke straks.

Saka vert utsett til orskurden, eller eventuell anna rettsavgjerd etter anke, er rettskraftig.

Leikanger, 4.september 1996

Øystein Lavik

Jon E Lidal

Odd Urdal Bjelle

Den 25.november 1998 vart jordskifterett sett i Kommunehus II i Vik, til vidare handsaming av

sak nr 3/1993

Rettsformann: Øystein Lavik.
Meddommarar: Odd Urdal Bjelle og Ragnhild Ylvisåker.

Ylvisåker møtte som vara, avdi meddommar Lidal hadde lovleg forfall.

Partane var innkalla etter denne lista:

Sæbø		
gnr	1/36, 65	John Thune
	1/124, 165	Sigurd Thune
Seim		
gnr	3/1, 25	Bjørg Seim
	hytte under 3/1	Ingeborg Seim v/verje Marie Andersen
	3/2, 3	Anfinn A Seim
	3/4	Gjert Johan Aase
	hyttetomt under 3/4	Olav Jakob Aase
	3/7, 12	Inge Johannes Tenolds bu
	3/9	Svanhild Grønsberg Johnston
	3/41 (hytte)	Kjersti og Kjell Egil Mo
	3/42 (hytte)	Solveig Grønsberg Aksnes
	3/43 (hytte)	Aud Grønsberg Helland
Tenål		
gnr	4/2, 3, 10	Jon Harald Tenold
	4/4	Sveinung Tenold
	(4/5) smsl med 6/4	Lars Følid
	4/6	Brit Gunlaug Risløv
	4/11	Håvard Tenold
	hytte under 4/11	Brita og Arne Sandvoll

gnr	4/12	Sissel Tenold Bjørge
	4/13, 5/18	Sitona og Andreas Gausdal
	4/14, 39, 71, 72	Erlend Tenold
	4/15	Ivar A Tenold
	4/17, 20	Anders Følid
	4/18	May Trude Tenol-Tuxen
	4/21, 40	Kristin Pedersen (Sigtona Hansen)
	4/22,29	John M Tenold
	hytte under 4/22	Martin Gunnstein Holen
	4/24	Harald Johan Systad
	4/31	Jan Ove Flisram
	4/43	Ingvar Midlang
	hytte under 4/43	Familien Thune v/John Thune
	4/82	Gunvor Vange
	4/84 (hytte)	[John M Tenold]

Stadeim		
gnr	5/1, 5	Erling A Stadheim
	5/2	Helge I Stadheim
	5/3	Olav G Stadheim
	5/4	Harald Stadheim
	5/6	Oddbjørn Stadheim
	5/7	Rita Thunes Stadheim
	5/11	Lars Stadheim
	5/13, 19	Oddvar I Grønsberg
	5/14	Borgny og Levald Helleland
	5/17	Ola O Stadheim
	5/18	[sjå gnr 4/13]
	5/20	Olav P Fosse

Fosse		
gnr	7/2	Nils Ove Fosse
	7/4	Berit Ingunn Fosse
	7/10	Ola M Fosse

Hove		
gnr	26/20	Arnstein Hove

Kraftlinje	Statnett sf
-- " --	As Sognekraft

Andre	Vik kommune

Desse møtte:
John Thune. Trygve Seim for Bjørg Seim. Anfinn A Seim. Gjert Johan Aase. Henning Ramfjord for Inge Johannes Tenolds bu. Svanhild Grønsberg Johnston. Jon I Risløv for Brit Gunlaug Risløv. Andreas Gausdal. Anne Tenold for Ivar A Tenold. John M Tenold. Jon K Holen for Martin Gunstein Holen. Ingvar Midlang. Olav G Stadheim. Otto Stadheim for sonen Oddbjørn Stadheim. Ragna Stadheim for Rita Thunes Stadheim. Eivind Helleland for Borgny og Levald Helleland. Omar Fosse Refsdal for Olav P Fosse. Nils Ove Fosse. Vik kommune v/varaordførar Erik Lidal. Sveinung Tenold møtte seinare på dagen.
Varaordførar Lidal forlet møtet, etter at det vart gjort klårt at kommunen ikkje er part i saka, jamfør domen av 4.9.96.

Desse dokumenta vart lagde fram:

47. Brev av 21.3.97 til partane, vedlagt "Utkast til vedtekter for vegen/veglaget Tambsvegen - Varpavegen".
48. Brev av 14.4.97 frå Brit Gunlaug Risløv, orientering om teigar.
49. Brev av 14.4.97 frå Sæbø/Seim-partane ved Trygve Seim og John Thune, om vedtekts utkastet og vedlagt:
    1. utkast av november 96 til minneleg avtale mellom partane om vedlikehald og opprusting av vegen
    2. referat frå grendamøte på Seim den 26.11.96.
50. Brev av 1.7.97 frå Stadeim/Fosse-partane v/Eivind Helleland, om vedtektsutkastet og den vidare sakshandsaminga.
51. Brev av 21.8.97 frå Skogbrukssjefen i Indre Sogn, plan for opprusting av Tambsvegen, med oversending av 26.8.97 til partane.
52. Brev av 5.9.97 frå Eivind Helleland, merknad til planen.
53. Brev av 15.9.97 til J Thune, T Seim, I Midlang og E Helleland, om vidare sakshand-saming.
54. Brev av 17.9.97 frå John Thune, merknad til planen.
55. Brev av 4.9.97 frå Rita Thunes Stadheim, merknad til planen, m.m.
56. Brev av 26.9.97 til Skogbrukssjefen, om vidare planlegging.
57. Brev av 23.10.97 frå Skogbrukssjefen, om vidare planlegging, med oversending av 24.10.97 til J Thune og E Helleland.
58. Brev av 5.12.97 frå Skogbrukssjefen til Nils Ove Fosse m.fl., plan for opprusting av Tambsvegen
59. Brev av 22.10.98 frå Eivind Helleland om "vidare arbeid med opprusting av Tambsvegen", vedlagt *tilbodsgrunnlaget* påført entreprenør Einar Stokkebø sitt *tilbod* av 20.9.98.
60. Innkalling av 17.11.98 til møte 25.11.98.
61. Fullmakt av 23.11.98 frå Bjørg Seim til faren Trygve Seim.
62. Fullmakt av 24.11.98 frå Martin Gunstein Holen til Jon K Holen.
63. Fullmakt av 25.11.98 frå Rita Stadheim til Ragna Stadheim.
64. Fullmakt av 25.11.98 frå Ivar Tenold til kona Anne Tenold.
65. Brev/uttale, ikkje dagsett, frå Rita Thunes Stadheim, -- innlevert av Ragna Stadheim på møtet 25.11.98.
66. Brev av 18.9.98 frå Vik kommune v/heradsagronom Arne Skeie til Styret for vegen til Varpet, om ferista ved utmarksgjerdet på Stadeim, -- innlevert av Ragna Stadheim på møtet 25.11.98.

Rettsformannen orienterte om gangen i saka etter førre møte den 13.8. og 4.9.96:

- Den tredelte domen om plikter og rettar i Tambsvegen/Varpavegen, vart 12.11.96 anka til Lagmannsretten, men anken vart trekta attende 13.1.97.

- I brev av 10.2.97 vart Skogbrukssjefen purra på vegplanlegging, som det var bede om i februar 96.

- 21.3.97 vart det sendt brev til partane, med saksopplysning og notat om nokre eigedoms-tilhøve, vedlagt utkast til vedtekter for vegen/veglaget Tambsvegen-Varpavegen, og partane kom med merknader til utkastet og den vidare sakshandsaminga.

- Etter telefonisk purring på vegplanen, var Skogbrukssjefen og Rettsformannen på synfaring på Tambsvegen den 7.8.97.

- Den 21.8.97 førelåg vegplanen frå Skogbrukssjefen.
- Partsgruppene hadde tunge merknader til planen, og Skogbrukssjefen vart beden om å utarbeida ny plan i tråd med partane sine ynskje.
- Ved brev av 23.10.97 presenterte Skogbrukssjefen ein del synspunkt omkring vidare plan-legging. Dette førde til direkte kontakt mellom Skogbrukssjefen og partsgruppene, med m.a. synfaring den 2.12.97.
- Den 5.12.97 førelåg ny vegplan frå Skogbrukssjefen, med opplisting av turvande tiltak.
- Med grunnlag i planen, utarbeidde Eivind Helleland, i samråd med Skogbrukssjefen og representantar for partsgruppene, eit tilbodsgrunnlag som vart sendt entreprenørar. Det kom inn eitt tilbod, som vart utsendt til alle partane som vedlegg til innkallinga.

* * *

I opprustingsplanen/tilbodsgrunnlaget er det punktvis lista opp dei tiltaka som trengst for å rusta opp vegen og entreprenøren har ført opp prisen for kvart enkelt tiltak. Samla tilbodssum er kr 323 500,oo, eksklusiv meirverdiavgift.

Partane fekk høve til å seia meininga si og det kom ingen innvendingar mot tilbodsgrunnlaget. Ragna Stadheim presiserte at Rita Thunes Stadheim ikkje er mot at vegen skal opprustast, men protesterar mot å ta del i kostnaden (jf dok 55). I brevet av 22.10.98 har Helleland nemnt to punkt som Stadeim/Fosse-partane meinar bør koma i tillegg, nemleg at grøfteprofilane må aukast til omlag 50 sm grøftedjupn og at etablering av betre ferist på Varpavegen må tingast inn i tilbodet. Det vart jamt over poengtert kor viktig det er med gode grøfter på ein slik veg, men det kom også åtvaring mot å gjera dei for djupe. Tanken bakom punktet om betre ferist på Varpavegen, var å betre kunne hindra at sauer ovanfrå legg på rista og kjem seg over i pressa situasjonar, i hovudsak når bil nærmar seg. Det vart peika på at det ikkje er sikkert at det er trong for ei *breiare* rist, kanskje ei betre ordning *omkring* rista er det som skal til. Ragna Stad-heim meinte at det bør setjast vanleg grind over vegen, slik som nemnt i brevet frå herads-agronom Skeie, dok 66. Vidare vart gjerdeavstand til veg nemnt og det var meiningsutveksling om korvidt det framtidige gjerdevedlikehaldet skal liggja til fellesskapet eller på den enkelte grunneigar. Om dette siste syntest det vera slik at Stadeim meinte at det burde tilliggja felles-skapet, medan Sæbø/Seim/Tenål helst halla til den oppfatning at dette måtte verta eit ansvar for den enkelte (gjerde)grunn-eigar.

Det vart diskutert korleis ein best skal koma vidare i saka. Det var eit sterkt ynskje om at det vert utarbeidt og vedteke ein finansieringsplan og at opprustingsarbeidet kjem i gang snarast. Fordeling av partane sin andel kan vera førebels, med føresetnad om seinare fordeling av jord-skifteretten. Til å føreståarbeidet med finansieringsplanen og leia opprustingsarbeidet, kan det utpeikast eit mellombels vegstyre, der alle partsgruppene er representert. Kandidatar til vervet vart drøfta.

Utkastet til vedtekter for veglaget vart gjennomgått og partane fekk høve til å koma med merknader. Desse vart noterte og vert å vurdera i samband med vedtak av vedtektene.

Jordskifteretten legg til grunn at opprustingplanen er utarbeidt på breitt grunnlag, med god kontakt mellom brukargruppene og fagetaten. Det har ikkje kome innvendingar og planen vert difor å godkjenna.

Likeeins godkjenner Retten tilbodet frå entreprenør Stokkebø. Heller ikkje her har det kome innvendingar.
Spørsmålet om grøftedjupn og eventuell betre ferist (på Varpavegen), bør avgjerast på partsplanet, eventuelt etter samråd med fagstyresmakt. Men Jordskifteretten ynskjer å påpeika, at før ny/større ferist vert vedteke, bør det nøye vurderast om ikkje tilhøva rundt dagens rist kan betrast, for å redusera dyrepresset. Det må også sjåast på om elektrisk ferist kan vera ei løysing. Med den funksjon vegen har - og vil koma til å ha - reknar Retten vanleg grind for å vera ei uakseptabel løysing.
Når det gjeld det framtidige gjerdevedlikehaldet, så vil endeleg avgjerd om dette koma i samband med vedtak av vedtektene. Retten finn likevel grunn til å presisera at det mest *funksjonelle* må vera at dette ansvaret vert tillagt vegsameiga.

Retten ser trongen for at vegarbeidet kjem i gang så snart som mogeleg, etter at finansieringa er i orden, utan å måtte venta til etter at saka er avslutta. Med heimel i § 62 4.ledd i jordskiftelova, vert difor vedtaket av utbetringsplanen og tilbodet stilt til førehands påanke.

Til å leia arbeidet, utnemner Retten eit mellombels vegstyre, med m.a. slike oppgåver:
⇒ Utarbeida finansieringsplan.
⇒ Freista få til semje om *endeleg* fordeling av partskostnaden mellom partsgruppene.
⇒ Dersom det ikkje kjem til semje om *endeleg* fordeling, freista få til semje om *førebels* fordeling, for seinare endeleg fordeling av Jordskifteretten.
⇒ Freista få til semje om *endeleg* fordeling av partskostnaden mellom partane i kvar partsgruppe.
⇒ Dersom det ikkje kjem til semje om *endeleg* fordeling, freista få til semje om *førebels* fordeling, for seinare fordeling av Jordskifteretten.(Det er ikkje turvande at *alle* partane er med på denne semja. Dei som manglar vil koma med i den endelege fordelinga).
⇒ Dersom vedtaket om opprustingsplanen og tilbodet ikkje vert anka, skal vegstyret inngå endeleg avtale med entreprenøren og leia utbetringsarbeidet. I det ligg m.a. at vegstyret kan avgjera alle spørsmål som knyter seg til opprustinga, med bakgrunn i utbetringsplanen og tilbodet.
⇒ Avgjera spørsmålet om grøftedjupn og ferist og eventuelt avklara dette med entreprenøren.

Jordskifteretten gjorde samrøystes slikt

vedtak:

Tambsvegen skal utbetrast i samsvar med utbetringsplanen og tilbodet frå entreprenør Stokkebø, men med høve til mindre endringar vedtekne av det mellombels vegstyret.

Med grunnlag i § 62 i jordskiftelova vert vedtaket å forkynna for partane og sett til førehands påanke til jordskifteoverrett i to månader frå forkynningsdatoen.

Som mellombels vegstyre vert oppnemnt:
Eivind Helleland, formann
Anfinn Seim
Ingvar Midlang

Vegstyret trer i funksjon straks og skal ha som mål å ha finansieringsplanen og minimum ei fordelingsliste basert på semje klar til utlaupet av ankefristen.

40

Partslista

Lista vart diskutert og korrigert.

Gnr 1/36 (John Thune) er feilaktig registrert på ØK og går ut.
Gnr 3/6 (Hydro aluminium) er stroken frå lista sidan førre møte, jf dok 47 og 51.
Gnr 3/7 (Inge Johannes Tenolds bu) går ut, jf dok 47.
Gnr 7/4 (Berit Ingunn Fosse) har inga interesse i vegen og går ut.
Gnr 7/10 (Ola M Fosse) er registrert på ØK, ved "Fossesvingen". Det kom tips om at det kanskje er Jenny Fosse (gnr 7/9) som eig denne teigen. Det vert å ta kontakt med Ola M Fosse og Jenny Fosse om eigedoms- og eigartilhøva.

For nokre som har meir enn ein eigedom, er det framleis uavklara kven som skal vera part i saka.

På førespurnad kom det ingen merknader til sakshandsaminga.

25.november 1998

Øystein Lavik Odd Urdal Bjelle Ragnhild Ylvisåker

Den 26.oktober 1999 vart jordskifterett sett i Kommunehus II i Vik, til vidare handsaming av

sak nr 3/1993

Rettsformann: Øystein Lavik
Meddommarar: Odd Urdal Bjelle og Jon E Lidal, Sogndal.

Partane var innkalla etter denne lista:

gnr 1/65	John Thune
gnr 1/124, 165	Sigurd Thune
gnr 3/1, 25	Bjørg Seim
gnr 3/2, 3	Anfinn A Seim
gnr 3/4	Gjert Johan Aase
gnr 3/9	Svanhild Grønsberg Johnston
gnr 3/12	Henning Ramfjord
gnr 4/2, 3, 10	Jon Harald Tenold
gnr 4/4	Sveinung Tenold
gnr 4/5 smsl. med gnr 6/4	Lars Følid
gnr 4/6	Brit Gunlaug Risløv
gnr 4/11	Håvard Tenold
gnr 4/12	Sissel Tenold Bjørge
gnr 4/13, 5/18	Sitona og Andreas Gausdal
gnr 4/14, 39, 71, 72	Erlend Tenold
gnr 4/15	Ivar A Tenold
gnr 4/17, 20	Anders Følid
gnr 4/18	May Trude Tenol-Tuxen
gnr 4/21, 40	*Sigtona Hansens arvingar:*
	Kirsten Pedersen
	Inger Andresen
	Birgit Fredriksen (adresse ukjend, ikkje innkalla)
gnr 4/22,29	John M Tenold
gnr 4/24	Harald Johan Systad
gnr 4/31	Jan Ove Flisram
gnr 4/43	Ingvar Midlang
gnr 4/82	Gunvor Vange
gnr 5/1, 5	Erling A Stadheim
gnr 5/2	Helge I Stadheim
gnr 5/3	Olav G Stadheim
gnr 5/4	Harald Stadheim
gnr 5/6	Harriet Stadheim
gnr 5/7	Rita Thunes Stadheim

42

gnr 5/11	Åslaug Stadheim og Oddbjørn Ese
gnr 5/13, 19	Oddvar I Grønsberg
gnr 5/14	Borgny og Levald Helleland
	Eivind Helleland
gnr 5/17	Ola O Stadheim
gnr 5/18	[sjå gnr 4/13]
gnr 5/20	Olav P Fosses bu v/Omar Fosse Refsdal
gnr 7/2	Nils Ove Fosse
gnr 7/9	Jenny Fosse v/Norvald Fosse
gnr 26/20	Arnstein Hove
Hytte under gnr 3/1	Ingeborg Seim v/verje Marie Andersen
Hyttetomt under gnr 3/4	Olav Jakob Aase
Gnr 3/41 (hytte)	Kjersti og Kjell Egil Mo
Gnr 3/42 (hytte)	Solveig Grønsberg Aksnes
Gnr 3/43 (hytte)	Aud Grønsberg Helland
Hytte under gnr 4/11	Brita og Arne Sandvoll
Hytte under gnr 4/22	Martin Gunstein Holen
Hytte under gnr 4/43	[Fam Thune v/John Thune, sjå gnr 1/65]
Gnr 4/84 (hytte)	[John M Tenold, sjå gnr 4/22]
Kraftlinje	Statnett sf
-- " --	As Sognekraft

Sidan førre møte er det avklara at gnr 7/10 Ola M Fosse er feilregistrert på kartet. Teigen tilhøyrer gnr 7/9 Jenny Fosse, jf rettsboka side 40. Lista er korrigert i samsvar med dette.

Desse møtte:
John Thune. Sigurd Thune. Trygve Seim for Bjørg Seim. Anfinn Seim. Gjert Johan Aase. Svanhild Grønsberg Johnston. Håvard Tenold. Andreas Gausdal. Oddmar Tenold for Erlend Tenold. Ivar A Tenold. Ingvar Midlang. Ragna Stadheim for Rita Thunes Stadheim. Oddbjørn Ese. Eivind Helleland for Borgny og Levald Helleland. Nils Ove Fosse. Aud Grønsberg Helland. Arne Sandvoll. Jon Holen.

Jon Holen opplyste at han og Brita har overteke hytta under gnr 4/22 etter Martin Gunstein Holen.

På førespurnad kom det ingen merknader til retten eller til innkallinga.

Desse dokumenta vart lagde fram:
67. Brev av 11.3.99 frå mellombels vegstyre, orientering om prosjekt, vedlagt:
    1. Skjema M-0009 N - søknad om statstilskot/investeringslån til skogsvegar.
    2. Skjema M-016 SF - utrekning av statstilskotsprosent.
    3. Brev av 30.11.98 frå Skogbrukssjefen i Indre Sogn til Eivind Helleland (mellombels vegstyre), om utfylling av søknadsskjema.
    4. Brev av 23.2.99 frå Statnett til Eivind Helleland (mellombels vegstyre), avslag på søknad om tilskot.
    5. Brev av 25.2.99 frå Sognekraft til Eivind Helleland (mellombels vegstyre), svar på søknad om tilskot
    6. Brev av 6.3.99 frå mellombels vegstyre til Vik kommunestyre, om trongen for tilskot.
    7. Brev av 6.3.99 frå mellombels vegstyre til partane, orientering om prosjektet, med framlegg til opprustings- og vedlikehaldsprosentar

68. Brev av 25.3.99 frå Lars Følid, merknader til veganlegget, aksept av opprustingsprosenten, opplysning om hytter.
69. Brev av 23.4.99 til partane, saksorientering.
70. Brev motteke 30.4.99 frå Harald Systad, Andreas Gausdal og Sissel Tenold Bjørge, merknader til veganlegget, aksept av opprustings- og vedlikehaldsprosentane.
71. Brev av 30.4.99 til mellombels vegstyre, saksorientering.
72. Brev av 30.4.99 frå Harald Stadheim, merknader til veganlegget, aksept av opprustingsprosenten.
73. Akseptar på opprustings- og vedlikehaldsprosentane.
74. Brev av 1.6.99 frå mellombels vegstyre, orientering om prosjektet, "nedlegging" av verv.
75. Brev av 18.6.99 til partane, saksorientering, vedlagt kopi av dok 71 og 74.
76. Innkalling av 10.9.99 til Stadeim/Fosse-partane vedkomande oppmælings- og verdsetjingsarbeid 23.9.99.
77. Innkalling av 6.10.99 til møte 26.10.99.
78. Fullmakt av 25.10.99 frå Bjørg Seim til Trygve Seim.
79. Fullmakt av 26.10.99 frå Erlend Tenold til Oddmar Tenold.
80. Fullmakt frå Rita Thunes Stadheim til Ragna Stadheim.
81. Fullmakt av 26.10.99 frå Borgny Helleland til Eivind Helleland.

Oversikt over dokument nr 66 - 77 var utsend saman med innkallinga.

Det mellombels vegstyret som vart oppnemnt på førre møtet, har utarbeidt framlegg til prosentfordelingsliste, både vedkomande opprusting av Tambsvegen og vedlikehald av Tambsvegen/Varpavegen. Lista er utsend til alle interessentane og er akseptert av dei aller fleste. Derimot kom vegstyret ikkje i hamn med finansieringsplanen og det enda med at formannen trekte seg frå vervet. Dermed har arbeidet med vegen ikkje kome i gang, slik som var føresetnaden for at jordskifteretten vedtok utbetringsplanen og tilbodet frå entreprenør Stokkebø og stilte vedtaket til førehands påanke.

Føremålet med møtet er difor å førebu saka til avslutting og partane fekk seia si meining om fordelingsprosentane, hytteeigarane/-brukarane si stode til veglaget, endeleg partsliste og gjerdehald langs Tambsvegen. Elles vart diskutert samansetjing av nytt mellombels styre, som skal fungera fram til fyrste årsmøte i veglaget. Partane gjekk inn for same mønster som før, med eitt medlem frå kvar av gruppene Sæbø/Seim, Tenål og Stadeim/Fosse/Hove. Dei tidlegare oppnemnde frå dei to fyrste gruppene held fram, medan Stadeim/Fosse/Hove peikar ut sin representant på eit grendamøte og melder frå til jordskiftekontoret.

Rettsformannen opplyste om at saka no vil verta slutta, slik at veglaget kan tre i funksjon og få gjort dei turvande tiltak med vegen. Sluttmøtet vil verta eit internt møte i retten, utan innkalling av partar. Sluttprotokolleringa vil verta forkynt på vanleg måte, vedlagt kopi av rettsmiddel-kapitlet i jordskiftelova.

På førespurnad kom det ingen merknader til sakshandsaminga.

Vik, 26.oktober 1999.

Øystein Lavik Jon E Lidal Odd Urdal Bjelle

Den 15.desember 1999 vart jordskifterett sett på Jordskiftekontoret, Leikanger, til slutt-handsaming av

sak nr 3/1993

Rettsformann: Øystein Lavik.
Meddommarar: Odd Urdal Bjelle og Jon E Lidal, Sogndal.

Partane var ikkje innkalla.

Det vart referert telefonmelding frå Stadeim/Fosse/Hove-gruppa, om at deira medlem i det nye mellombels vegstyret skal vera Harald Stadheim. Dei føreslegne medlemane i vegstyret har vorte samde om at Anfinn Seim skal oppnemnast som leiar.

Jordskifteretten gjorde samrøystes slike

VEDTAK:

1. Opprusting av Tambsvegen

Det vedtaket som jordskifteretten gjorde på møtet 25.11.98, om at vegen skulle utbetrast i samsvar med utbetringsplanen og tilbodet frå entreprenør Stokkebø, vart gjort med grunnlag i ynskjet om at opprustingsarbeidet måtte koma i gang snarast råd og at Stokkebø hadde gjort tilbodet bindande til 1.4.99. Ettersom det mellombels vegstyret ikkje såg seg i stand til å gjennomføra planen og at bindingstida no er ute, finn jordskifteretten det rettast av formelle årsaker å oppheva vedtaket. Når no veglaget trer i funksjon, vil det såleis verta opp til laget å gjera dei formelle vedtak om kva som skal gjerast med vegen, godtaking av tilbod m.m.

Slutning:

Vedtaket på møtet den 25.11.98 om at Tambsvegen skal utbetrast i samsvar med utbetringplanen og tilbodet frå entreprenør Stokkebø, vert oppheva.

2. Medlemar i veglaget
(jf vedtektene § 3)

Utkast til vedtekter, med opplisting av medlemar i veglaget i § 3, vart utsendt til alle interessentane den 21.3.97, med høve til å koma med eventuelle merknader. I tillegg har interessentane fått høve til å seia si meining på møtet den 25.11.98 og den 26.10.99. Det grunnleggjande synet var at alle landbrukseigedomar som på rimeleg vis kan skjøttast via vegen, bør vera medlemar i laget. Reine hytteeigedomar burde haldast utanom, slik at ein ikkje stadig kunne få endring i medlemslista.
Det har kome ein protest mot å vera med i veglaget. Det er frå Kristin Pedersen, gnr 41/21,40, som per telefon har opplyst at ingen av dei tre eigarane bur i Vik og såleis ikkje kjem til å nytta vegen.
Det har elles vorte reist spørsmål ved enkelte hytte-/hyttetomt-eigarar si stode i høve veglaget, noko som også kjem til uttrykk ved at det mellombels vegstyret har teke dei fleste med på sitt framlegg (dok 67.7). Hytte-/hyttetomt-eigarane har vore spesielt oppmoda om å melda frå om dei har spesielle "rettar", som tilseier medlemsskap i veglaget.

Jordskifteretten held fast på prinsippet om at alle landbrukseigedomar som soknar til vegen, skal vera medlemar i veglaget. Tilkomst til teigane gjev ein slik verdi for den enkelte som langt overstig den etter måten smålåtne kostnaden på kvar i eit så stort fellesskap. At nokon av dagens eigarar ikkje bur i bygda bør ikkje tilleggjast nemnande vekt, det er eigedomen sine objektive interesser på sikt som må vera avgjerande.
Ingen av hytte-/hyttetomt-eigarane har meldt noko krav, så jordskifteretten ser det rettast og enklast å administrera at desse interessentane får ei ordning med tilknytingsavgift og eventuelt årsavgift/bomavgift, jf vedtektene §§ 4 og 10.

Interessent-lista har vore ajourført fortløpande under heile saka og i utstrekt grad er det partane sine eigne opplysningar (og matrikkelen) som har vore lagt til grunn.

Litt om enkelte eigedomar, til korrigering eller presisering av lista i rettsboka for møtet 26.10.1999**:**

Gnr 1/36 og 65
Bnr 36 kom med i saka pga at det er registrert på ØK. Var ikkje med i sak 6/82 Varpavegen og 10/87 Skorgevegen. Bnr 65 var med i begge sakene. Bnr 36 vart stroke frå partslista på rettsmøtet den 25.11.98, etter opplysningar frå eigaren, John Thune, om feilregistrering på ØK.

Gnr 1/124 og 165
Bnr 165 kom med i saka i 1994 på grunn av deltaking i sak 10/87 Skorgevegen og registrering på ØK. Bnr 124 var med i sak 6/82 Varpavegen. Eigaren har ikkje signalisert endring, difor vert begge eigedomane å ta med i veglaget.

Gnr 3/6, 7 og 12**:**
Vart registrert i saka i 1994 på grunn av deltaking i sak 10/87 Skorgevegen. Var der på same eigarhand (Inge Tenold). Dei var ikkje med i sak 6/82 Varpavegen. Bnr 6 vart overført til Hydro aluminium i 1987 og bnr 7 og 12 vart overført til Henning Ramfjord i 1998.
Bnr 6 og 7 vart strokne frå partslista på rettsmøtet den 25.11.98, etter konklusjon om at dei ikkje har areal som soknar til vegane i området, jf utgreiing i dok nr 47 og 51. Det vart drege den slutninga at det var bnr 12 som var den reelle interessenten i sak 10/87, med ein trekantforma teig nord for Kyrelvi (referansekoordinatar x345280/y30130).
Med slik plassering av teigen, meiner jordskifteretten at gnr 3/12 ikkje har reelle interesser i Tambsvegen/Varpavegen og vert difor ikkje å ta med som medlem i veglaget.

Gnr 3/25
Bruket var med i sak 6/82 Varpavegen, med Torleif Seim som eigar og i sak 10/87 Skorgevegen, med Ingeborg Seim som eigar. Det vart seinare overført til same eigarhand som bnr 1 (Bjørg Seim frå 1993). Ingeborg Seim er no registrert som eigar av hytte under gnr 3/1. Jordskifteretten reknar det som sannsynleg at bnr 25 sine partsinteresser i Varpavegen og Skorgevegen no ligg til Bjørg Seim, og Ingeborg Seim sin hytteeigedom vert difor ikkje med i veglaget.

Gnr 4/4
Ikkje med i sak 6/82 Varpavegen og sak 10/87 Skorgevegen, men har i fylgje ØK teig(ar) som soknar til vegane. Vert rekna som medlem i veglaget.

Gnr 4/71 og 72
Ikkje med i sak 6/82 Varpavegen og sak 10/87 Skorgevegen (4/72 vart etablert etter at Varpavegsaka tok til), men det er opplyst at dei har nytte av vegane. Vert rekna som medlem i veglaget.

Gnr 4/82
Gnr 4/22 er delt under sakas gang og bnr 82 er - etter det som er opplyst - del på stølen. Eigedomen vert å ta med i veglaget.

Gnr 5/18
Ikkje med i sak 6/82 Varpavegen og sak 10/87 Skorgevegen, men har i fylgje ØK teig(ar) som soknar til vegane. Vert rekna som medlem i veglaget.

Gnr 5/20
Ikkje med i sak 6/82 Varpavegen og sak 10/87 Skorgevegen, men har i fylgje ØK teig(ar) som soknar til vegane. Vert rekna som medlem i veglaget.

Gnr 6/4
Samansett bruk, med bnr 5, 26 og 42 frå gnr 4 Tenål. Bnr 5 (0,19 skm) og 26 (0,24 skm) var med i utskiftinga av Tenål si utmark m.m. i 1896 – 1900. Bnr 42 (0,12 skm) vart i 1909 utskilt frå bnr 15, som også var med i utskiftinga 1896 – 1900.

Gnr 7/4
Bruket har teig der Tambsvegen tek av frå "Fossesvingen" og etter ØK går vegen nokre meter over bnr 4. Det er såleis etablert ein vegrett over gnr 7/4, men bruket har ikkje nytte av vegen og vert ikkje å ta med i veglaget.

Gnr 7/9 og 10
Ved sida av gnr 7/4 går Tambsvegen over nedste spissen av ein teig som på ØK er registrert på gnr 7/10 Ola M Fosse. Jenny Fosse v/Norvald Fosse har gjort krav på at teigen tilhøyrer gnr 7/9. Ola M Fosse har ikkje protestert mot dette. Jordskifteretten legg difor til grunn at teigen tilhøyrer gnr 7/9.
Norvald Fosse meiner at når gnr 7/9 fritt stiller grunn til disposisjon for Tambsvegen, skal gnr 7/9 fritt kunne bruka vegen, utan å verta pålagt vedlikehaldstyngsler. Ingen har mælt mot dette og gnr 7/9 vert difor ikkje medlem i veglaget.

Gnr 26/20
Ikkje med i sak 6/82 Varpavegen og sak 10/87 Skorgevegen, men har i fylgje ØK teig som soknar til Tambsvegen. Vert rekna som medlem i veglaget.

Med dei avgrensingar/tillegg som her er gjort, vert elles alle eigedomar som er registrerte i sak 6/82 Varpavegen og sak 10/87 Skorgevegen, og dei som vart registrerte i samband med bygginga av Tambsvegen, medlemar i veglaget, slik som ført i § 3 i vedtektene.

3. Opprusting av Tambsvegen

Det mellombels vegstyret har utarbeidt framlegg til prosentfordelingsliste mellom gruppene, med 33,4 % på Sæbø/Seim, 33,4 % på Tenål og 33,2 % på Stadeim/Fosse/Hove. Framlegget er utsendt til alle interessentane og elles teke opp på rettsmøte. Ingen har mælt i mot og jordskifteretten vedtek difor denne fordelinga.

Alle på Sæbø/Seim har akseptert fordelinga frå det mellombels vegstyret. Ettersom hytteeigedomane ikkje skal vera med i veglaget, manglar det 5 %, som vert utlikna på dei andre etter prosenttala frå framlegget.

Også alle på Tenål har akseptert fordelinga frå det mellombels vegstyret. Her går det frå berre 1 prosent for hytteeigedom. Denne vert utlikna på seks av dei største prosenttala frå framlegget.

På Stadeim/Fosse/Hove har sju akseptert fordelinga frå det mellombels vegstyret. Dei andre har ikkje protestert mot fordelinga. Gnr 26/20 skal også vera med (jf *2. Medlemar i veglaget*) og vert ilagt 0,5 %, som er minstesats på lista. Dette vert redusert på to av dei med 1 % i framlegget.

Slutning:

Kostnadane med turvande opprusting av Tambsvegen vert å dela mellom medlemane i veglaget etter denne lista:

Gnr/bnr	Eigar	Lut i %
Sæbø/Seim:		
1/65	John Thune	3,60
1/124,165	Sigurd Thune	1,20
3/1,25	Bjørg Seim	9,50
3/2,3	Anfinn Seim	9,50
3/4	Gjert Johan Aase	4,80
3/9	Svanhild Grønsberg Johnston	4,80
		(33,40)
Tenål:		
4/2,3,10	Jon Harald Tenold	2,00
4/4	Sveinung Tenold	2,00
4/6	Brit Gunlaug Risløv	2,30
4/11	Håvard Tenold	3,50
4/12	Sissel Tenold Bjørge	1,00
4/13	Sitona og Andreas Gausdal	2,30
4/14,39,71,72	Erlend Tenold	3,50
4/15	Ivar A Tenold	2,30
4/17,20	Anders Følid	1,00
4/18	May Trude Tenol-Tuxen	1,00
4/21,40	*Sigtona Hansens arvingar:* Kirsten Pedersen Inger Andresen Birgit Fredriksen	0,50
4/22,29	John M Tenold	1,50
4/24	Harald Johan Systad	3,50
4/31	Jan Ove Flisram	2,00
4/43	Ingvar Midlang	3,50
4/82	Gunvor Vange	0,50
6/4 (4/5,26,42)	Lars Følid	1,00
		(33,40)

Stadeim/Fosse/Hove:		
5/1,5	Erling A Stadheim	3,02
5/2	Helge I Stadheim	3,02
5/3	Olav G Stadheim	3,02
5/4	Harald Stadheim	3,02
5/6	Harriet Stadheim	3,02
5/7	Rita Thunes Stadheim	3,02
5/11	Åslaug Stadheim og Oddbjørn Ese	3,02
5/13,19	Oddvar I Grønsberg	3,02
5/14	Borgny og Levald Helleland	3,02
5/17	Ola O Stadheim	3,02
5/18	Sitona og Andreas Gausdal	0,75
5/20	Karen og Olav P Fosses bu	0,75
7/2	Nils Ove Fosse	1,00
26/20	Arnstein Hove	0,50
		(33,20)
		100,00

4. Vedlikehald av Tambsvegen/Varpavegen

Det mellombels vegstyret har utarbeidt framlegg til prosentfordelingsliste mellom gruppene, med 38,0 % på Sæbø/Seim, 38,0 % på Tenål og 24,0 % på Stadeim/Fosse/Hove. Framlegget er utsendt til alle interessentane og elles teke opp på rettsmøte. Ingen har mælt i mot og jordskifteretten vedtek difor denne fordelinga.

Alle på Sæbø/Seim har akseptert fordelinga frå det mellombels vegstyret. Ettersom hytteeige-domane ikkje skal vera med i veglaget, "manglar" det 5 %, som vert utlikna på dei andre etter prosenttala frå framlegget.

På Tenål har alle unnateke gnr 6/4 (4/5,26,42) Lars Følid akseptert. Han viser til samla skyld på 0,82 skyldmark frå Tenål, teig på Arnastøl (gnr 4/5 – 0,19 skm) med oreskog og vår- og haustbeite for sau, og meiner det er mykje med 1,2 % når han samanliknar med gnr 4/21 og 40, som med samla skyld på 0,17 skm og snart hoggande granskog er føreslege med 0,6 %. Jordskifteretten finn det vanskeleg å trekkja samanlikningar på grunnlag av det materialet som føreligg, spesielt ut frå at det ikkje er registrert tilsvarande opplysningar for dei andre partane. Retten ser framlegget frå vegstyret som ei minneleg ordning og reknar partane si godkjenning som ein aksept på at retten ikkje skal ta i ferd med den heller arbeidskrevjande prosessen med å fastleggja interesseareal, utnyttingsmåtar og andre ting som grunnlag for utrekning av prosent-lista. Med så liten prosentsats som er føreslege for Lars Følid, kan retten ikkje sjå at han kan pårekna noko vesentleg reduksjon med ein annan utrekningsmetode. Det er "småpengar" det her er snakk om, i det 1,2 % utgjer kr 1200,oo pr 100000,oo i kostnad og det er minimalt når det gjeld å vedlikehalda veg som på ein så ypparleg måte sikrar utnyttinga av hans rettar i området. Jordskifteretten presiserar elles: Dei bruka Lars Følid har under gnr 4 Tenål, (bnr 5, 26 og 42), som del av gnr 6/4, har etter matrikkelen 1968 ei samla skyld på 0,55 skyldmark. Dersom skylda skulle ha nokon innverknad, ville den åleine gje monaleg større prosentsats på gnr 6/4 enn på gnr 4/21 og 40, som Lars Følid samanliknar seg med.
Etter dette vert prosentsatsen for gnr 6/4 fastlagd som føreslege av det mellombels vegstyret. Elles går det frå 1 prosent for hytteeigedom. Denne vert utlikna på ti av dei største prosenttala frå framlegget.

På Stadeim/Fosse/Hove har seks akseptert fordelinga frå det mellombels vegstyret. Gnr 5/4 Harald Stadheim har hatt innvendingar. Dei andre har ikkje gjeve svar.
Harald Stadheim meiner at nytteverdien skal leggjast til grunn, både nytteverdi i samband med tradisjonell landbruksnæring og i samband med rekreasjon.
Jordskifteretten meiner at sjølv om ideelt sett nytteverdien skulle vore lagd til grunn, så vil arbeidet med å klårleggja denne fullt ut vorte omfattande og med mange skjønsmessige vurderingar. Når så mange har akseptert det mellombels vegstyret sitt skjønsmessige forslag, så vel retten å leggja det til grunn. Når det konkret gjeld gnr 5/4, så vert denne eigedomen sett likt med dei fleste andre på Stadeim og jordskifteretten kan ikkje sjå at han med ein så liten prosentsats som 2,10 (gjennomsnitt for alle partane i saka er 2,70) kan koma til lida tap.
Gnr 26/20 skal også vera med (jf *2. Medlemar i veglaget*) og vert ilagt 0,5 %, som er minstesats på lista. Dette vert redusert på to av dei med 1 % i framlegget.

Slutning:
Ansvaret for vedlikehaldet av vegen Tambsvegen/Varpavegen skal vera etter lista i *§ 3 Medlemsskap* i vedtektene.

5. Gjerde

I samband med bygginga av Tambsvegen, påtok grunneigarane seg både oppsetjing og vedlikehald av turvande gjerde, mot ei eingongserstatning på kr 3,oo pr meter (jf jordskifterettens dom av 14.11.95). Avrekninga viser at det gjennomgåande vart rekna gjerde på begge sider av vegen.
Jordskifteretten legg til grunn at gjerdehaldet i dag er ei større tyngsle enn det Stadeimingane fekk oppgjer for. Det er no mange fleire som brukar vegen og den årlege brukstida har vorte lenger, noko som har ført til monaleg større gjerdeslitasje. Denne auken i gjerdehaldskostnader er det rimeleg at vegfellesskapet dekkar.
Jordskifteretten finn det difor mest praktisk at veglaget overtek ansvaret for vedlikehaldet av gjerdet på nedsida av Tambsvegen. Den enkelte grunneigar vert då fri ei tyngsle han tidlegare har fått erstatning for og eventuell motrekning vert å ta stode til i eventuell grunnerstatningssesjon av saka.

Slutning:

1. Veglaget har ansvaret for å ta ned, setja opp att og vedlikehalda gjerde langs nedsida av Tambsvegen. Spørsmålet om vurdering av reduksjon i gjerdehaldstyngsle for den enkelte grunneigar, vert å handsama i eventuell grunnerstatningssesjon av saka.
2. Veglaget har ansvaret for å ta ned og setja oppatt grindar i gjerdet langs nedsida av Tambsvegen. Vedlikehaldet av grindar, og eventuelt oppsetjing av nye grindar, er den enkelte grunneigar sitt ansvar.
3. Veglaget har ansvaret for - så langt det er turvande - å ta ned og setja opp att eksisterande, brukbart gjerde med eventuelle grindar langs oppsida av Tambsvegen.
4. Ynskjer veglaget gjerde langs Varpavegen - på strekning der tilstøytande teigeigar ikkje alt er pålagd gjerdehaldet - skal veglaget setja opp og vedlikehalda gjerde med turvande grindar. Plassering av gjerde og grindar må skje i samråd med teigeigarane.

6. VEDTEKTER
for
veglaget
Tambsvegen - Varpavegen

§ 1 Veglag

Vegen omfemner vegstrekninga frå nørdste svingen ("Fossesvingen") på Seljedalsvegen til og med opplagsplassen/parkeringsplassen på Varpet. Felleskapet m/fordeling som vart skipa i sak 6/82 Varpavegen er oppheva.

Vegen er ein alltidvarande vegrett. Grunnen tilhøyrer eigedom vegen går over.

Alle eigedomane/eigarane som er nemnde i lista i § 3, utgjer veglaget.

§ 2 Føremål og ansvar

Veglaget har til føremål å halda vedlike og syta for tilstrekkeleg standard på vegen - om turvande ved opprusting/utviding. Vegen skal på tidsmessig måte tena jord-, skog-, støls-, utmarks-, hytte- og friluftsinteressene innanfor dekningsområdet til vegen.

Veglaget har også gjerdehaldsansvar etter reglar gjevne av jordskifteretten og ansvar for eventuelle grindar og ferister over vegen.

Veglaget er eit eigarlag med delt ansvar i samsvar med lutlista i § 3.

Veglaget vert bunde av underskriftene til leiaren og kasseraren saman.

§ 3 Medlemsskap

Fylgjande eigedomar/eigarar er medlemar i veglaget, med slike lutar:

Gnr/bnr	Eigar	Lut i %
Sæbø/Seim:		
1/65	John Thune	3,45
1/124,165	Sigurd Thune	1,15
3/1,25	Bjørg Seim	10,35
3/2,3	Anfinn Seim	10,35
3/4	Gjert Johan Aase	6,35
3/9	Svanhild Grønsberg Johnston	6,35
		(38,00)
Tenål:		
4/2,3,10	Jon Harald Tenold	2,90
4/4	Sveinung Tenold	2,00
4/6	Brit Gunlaug Risløv	2,90
4/11	Håvard Tenold	3,20
4/12	Sissel Tenold Bjørge	1,00
4/13	Sitona og Andreas Gausdal	2,20
4/14,39,71,72	Erlend Tenold	3,20
4/15	Ivar A Tenold	2,90
4/17,20	Anders Følid	1,00
4/18	May Trude Tenol-Tuxen	2,00
4/21,40	*Sigtona Hansens arvingar:* Kirsten Pedersen Inger Andresen Birgit Fredriksen	0,60
4/22,29	John M Tenold	2,90
	- framhald -	

	- framhald -	
4/24	Harald Johan Systad	3,20
4/31	Jan Ove Flisram	2,90
4/43	Ingvar Midlang	3,20
4/82	Gunvor Vange	0,70
6/4 (4/5,26,42)	Lars Følid	1,20
		(38,00)
Stadeim/Fosse/Hove:		
5/1,5	Erling A Stadheim	2,10
5/2	Helge I Stadheim	2,10
5/3	Olav G Stadheim	2,10
5/4	Harald Stadheim	2,10
5/6	Harriet Stadheim	2,10
5/7	Rita Thunes Stadheim	2,10
5/11	Åslaug Stadheim og Oddbjørn Ese	2,10
5/13,19	Oddvar I Grønsberg	2,10
5/14	Borgny og Levald Helleland	2,10
5/17	Ola O Stadheim	2,10
5/18	Sitona og Andreas Gausdal	0,75
5/20	Karen og Olav P Fosses bu	0,75
7/2	Nils Ove Fosse	1,00
26/20	Arnstein Hove	0,50
		(24,00)
		100,00

Medlemsskapen fylgjer eigedomen og kan ikkje skiljast frå den.

I medlemsskapen ligg rett til å bruka vegen under landbruksmessig utnytting av eigedomen og under eiga utnytting av eiga hytte og sel som fritidshus.

Dersom ein eigedom vert delt og den frådelte parsellen er landbrukseigedom som soknar til vegen, har denne både rett og plikt til å vera med i veglaget.

Som nye medlemar kan etter søknad takast opp andre eigedomar i området og andre som veglaget er interessert i å ha som medlemar.

§ 4 Andre brukarar av vegen

1. Eigarar/festarar av hyttetomter.

Ved å betala *tilknytingsavgift* og *årsavgift/bomavgift,* får desse - for seg og sin husstand - rett til å bruka vegen. Desse kan ikkje skyta seg inn under ålmenta sin rett.

Bruksretten gjeld og ved framleige.

2. Ålmenta.

Ålmenta har rett til å bruka vegen, men denne retten kan gjerast avhengig av betalt bomavgift. Offentleg tilskot kan koma i staden for eller som eit supplement til bomavgifta.

3. Statnett og Sognekraft

Desse etatane har erverva seg rett til vederlagsfritt å bruka vegen til normalt vedlikehald av kraftlinjene i området. Tyngre transport skal det betalast for. (Jf jordskifteretten sin dom av 14.11.95 og orskurd av 4.9.96).

4. Andre

Veglaget kan vedta at andre etatar – og organisasjonar - kan få rett til å bruka vegen ved å betala eit samla tilskot, i staden for å nytta bomavgifta.

5. Gnr 7/9 har rett til vederlagsfri bruk av vegen som tilkomst for landbruksmessig utnytting av sin teig.

Alle brukarane må retta seg etter vegstyret sine vedtak om bruken av vegen.

52

§ 5 Rekneskapsår/arbeidsår

Rekneskapsåret fylgjer kalenderåret.
Arbeidsåret og funksjonstida til tillitsvalde går frå årsmøte til årsmøte.

§ 6 Årsmøte

1. Konstitusjon

Årsmøtet er veglaget si øvste styresmakt og det skal haldast innan 1.mars kvart år. Berre medlemar har møte-, tale- og røyste-rett på årsmøtet, eventuelt ved fullmektig med skriftleg fullmakt.

Årsmøtet vert innkalla av leiaren. Innkallinga m/sakliste skal vera skriftleg til kvar medlem eller annonserast i lokalavis. Innkallingsfrist: To veker.

Årsmøtet kan ikkje gjera bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnde i innkallinga. Saker som medlemar vil ha handsama på årsmøtet, må vera innkomne til styret innan 1.januar.

2. Fleirtalsvedtak

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) mellom dei frammøtte/representerte, utrekna etter lista i § 3. Dersom alle frammøtte er samde om det, kan røysting skje ved at kvar medlem har ei røyst, t.d. ved val.

Ved skriftleg røysting vert blanke røystesetlar rekna som ikkje avgjevne røyster. Like røystetal ved val skal avgjerast ved loddtrekking. Ved like røystetal elles skal møteleiaren si røyst vera avgjerande.

Årsmøtet er vedtaksført når innkallinga har skjedd på lovleg måte.

Fleirtalsvedtak må ikkje påføra nokon medlem større kostnader og ulemper enn nytte. Vedtaket må heller ikkje føra med seg usakleg skilnad på rettane til fleirtalet og mindretalet. Vedtaket må ivareta fellesskapets vel og ikkje gje urimelege føremonar for fleirtalet til skade for mindretalet. Medlem som meiner at eit vedtak er i strid med desse vilkåra, kan bringa spørsmålet opp for rettsleg skjønn. Dersom det er semje om det, kan vedtaket i staden overprøvast av ei sakkunnig nemnd etter § 13.

3. Årsmøtet skal:

- Velja møteleiar og referent.
- Godkjenna innkallinga, saklista og fullmaktene.
- Velja to personar til å godkjenna og skriva under møtereferatet saman med møteleiaren.
- Handsama styret si årsmelding og reviderte rekneskap.
- Velja vekselvis ein og to styremedlemar, med funksjonstid to år, (på det fyrste årsmøtet må det veljast tre styremedlemar, den eine med funksjonstid eitt år etter loddtrekking) og to varamedlemar, med funksjonstid eitt år.
- Velja den eine av styremedlemane til leiar.
- Vedta avgifter, jf § 10.
- Handsama andre saker som er nemnde i innkallinga, inklusiv saker som er fremja av medlemar.

4. Vidare kan årsmøtet m.a.:

- Velja revisor/revisorar.
- Velja valnemnd.
- Vedta å sjå bort frå den gruppevise samansetjinga av styret, jf § 8.1.
- Påleggja styret å utarbeida arbeidsplan og budsjett.
- Vedta retningslinjer for vedlikehald og eventuell brøyting og vilkår for tildeling av oppdrag i tilknyting til dette.
- Vedta tilsetjing av tilsynsmann og eventuell instruks og lønsvilkår for denne.
- Delegera mynde til styret og eventuell tilsynsmann.

- Vedta godtgjersle for tillitsvalde.
- Vedta opptak av nye medlemar (slike som ikkje har rett og plikt til å verta medlemar, jf § 3) og vedta dei økonomiske og formelle vilkåra for desse.
- Vedta endring av vedtektene, jf § 15.
- Vedta større omleggingar/utbetringar/utvidingar.
- Vedta innkjøp av utstyr og investeringsmåten for dette.
- Vedta innbetaling av forskot.
- Vedta å forsikra veglaget mot erstatningsansvar.
- Vedta innkallingsmåten.
- Vedta andre saker som vedkjem vegen.

5. Møtereferat

Det skal førast referat for årsmøtet. Referatet skal godkjennast og underskrivast av møteleiaren og to av dei frammøtte medlemane.

§ 7 Ekstra årsmøte

Ekstra årsmøte skal haldast når styret vedtek det eller når minst 1/3 av partsmassen (jf § 3) krev det. Reglane i § 6 Årsmøte gjeld tilsvarande.

§ 8 Styret

1. Samansetjing m.m.

Veglaget vert leia av eit styre på tre medlemar, ein frå kvar av dei tre gruppene i § 3. Den eine skal veljast særskilt som *leiar*. Funksjonstida som styremedlem er to år og funksjonstida som leiar er eitt år. Det skal vera to vararepresentantar til styret, med funksjonstid eitt år.

Styret vel sjølv ein av styremedlemane til kasserar, med funksjonstid eitt år.

Styremøte skal haldast når styreleiaren finn det turvande eller dei to andre styremedlemane krev det. Styreleiaren er ansvarleg for innkalling og møteavvikling. Er styreleiaren fråverande/forhindra, fell desse pliktene på kasseraren.

Styret er vedtaksført når minst to styremedlemar/varamedlemar er til stades. Når berre to er til stades, må vedtaka vera samrøystes. Ved økonomiske avgjerder skal kasseraren vera til stades. I enkle saker kan vedtak også gjerast per telefon/e.post.

Mindre viktige saker, eller saker som må handsamast raskt (som t.d. tiltak i samband med teleløysing og flaum), kan om turvande avgjerast av leiaren åleina, men også i slike tilfelle bør det så langt det er råd vera telefon- eller e.post-kontakt mellom styremedlemane.

Det skal førast referat for styremøta. Vedtak gjort av leiaren åleine og vedtak gjort på meir uformell måte, som t.d. per telefon, skal også refererast på neste styremøte.

2. Styret skal:

- Arrangera årsmøte og leggja fram årsmelding og revidert rekneskap.
- Leia drifta av vegen, setja bort arbeid og føra tilsyn med det, i samsvar med vedtektene og vedtak på årsmøtet.
- Gjera avtale med grunneigar/teigeigar om grunnavståing, erstatning, gjerde m.m.
- Setja i gang mindre arbeid som må gjerast for å hindra skade på vegen og i den samanhengen gjera turvande innkjøp.
- Krevja innbetaling av avgifter og forskot, etter vedtak på årsmøtet.
- Syta for ordna utføring av rekneskap og revisjon.
- Tilsetja vegtilsynsmann i samsvar med årsmøtevedtak.
- Hindra uvisleg bruk av vegen ved å regulera eller stansa køyring i periodar, t.d. under teleløysing og i harde regnversbolkar.
- Nekta bruk av vegen for alle som ikkje oppfyller sine økonomiske skyldnader og elles ikkje rettar seg etter vedtektene og gjeldande vedtak.

§ 9 Grunn til vegen

1. Veggrunn

Ved utbetring/utviding av vegen, skal vedkomande medlemar stilla grunn til disposisjon til veg, grøfter og møte-, snu- og parkeringsplassar.

Der vegen går over utmark/sameige bør grunnavståinga vera vederlagsfri. Påståande skog skal erstattast, dersom ikkje skogeigaren vil avvirka sjølv.

Der vegen går over innmark/eineeige, kan det gjevast erstatning.

2. Erstatning

Styret forhandlar med vedkomande medlemar om erstatning etter § 9.1. Er ein styremedlem sjølv part som det skal forhandlast med, må varamedlem ta hans plass i styret.

Kjem det ikkje til semje om erstatninga, bør dei overlata den endelege erstatningsfastsetjinga til ei sakkunnig nemnd, jamfør § 13.

3. Grus/fyllmassar

Uttak av grus og fyllmasse til bruk i vegen, må skje i samråd med grunneigar (skogteigeigaren i ikkje utskift utmark) og kommunen. Kjem det ikkje til semje om erstatninga, bør dei overlata den endelege erstatningsfastsetjinga til ei sakkunnig nemnd, jamfør § 13.

§ 10 Vegavgifter

Årsmøtet kan vedta å innføra - og vedta storleiken av - ymse avgifter for bruken av vegen:

1. Tilknytingsavgift

Eingongsavgift for hyttetomteigarar/-festarar. Gjeld dei som ikkje er medlemar i veglaget og som heilt eller delvis kjem til hyttene/hyttetomtene sine med bil via Tambsvegen, Varpavegen og tilstøytande vegar.

For nye sal/bortfestingar er seljar/bortfestar ansvarleg for at opplysning om avgiftsplikta vert teke med i tinglyst sals- eller festeavtale. I motsett fall er seljar/bortfestar ansvarleg for avgifta overfor veglaget.

Tilknytingsavgifta er ei eingongsavgift og gjev ingen partsdel i vegen.

2. Årsavgift

Årleg avgift for hyttetomteigarar/-festarar. Gjeld dei som ikkje er medlemar i veglaget og som heilt eller delvis kjem til hyttene/hyttetomtene sine med bil via Tambsvegen, Varpavegen og tilstøytande vegar.

For nye sal/bortfestingar er seljar/bortfestar ansvarleg for at opplysning om avgiftsplikta vert teke med i tinglyst sals-/festeavtale. I motsett fall er seljar/bortfestar ansvarleg for avgifta overfor veglaget.

Betalt årsavgift gjev rett til å bruka vegen, når også tilknytingsavgifta er betalt, med dei avgrensingar som er sett av vegstyret.

Bomavgift kan koma i staden for årsavgift.

3. Bomavgift

Avgift for *ålmenta* og *andre*, jamfør § 4 (brukarar som ikkje er medlemar i veglaget og brukarar som ikkje eig/fester hytte/hyttetomt)

Årsmøtet kan vedta at bomavgifta også skal gjerast gjeldande for medlemane i veglaget og for hyttetomteigarane/-festarane. Då fell årsavgifta for hyttetomteigarane/-festarane bort.

Betalt bomavgift gjev rett til å bruka vegen, med dei avgrensingar som er sett av vegstyret.

4. Særskild avgift

Turvande transport som må skje i periodar når styret har avgrensa bruken av vegen, kan avtalast mot særleg avgift og på særlege vilkår. Likeeins kan det avtalast særskild avgift for bruk av vegen i andre samanhengar.

§11 Bruk av vegen/ansvar for skadar

Transport må ikkje skje når det kan vera fare for skade på vegbana m.m.

Det må ikkje leggjast trevyrke eller anna i vegbane, i grøfter eller på møte- og snuplassar. Det må visast spesiell varsemd ved nedbaring av grøver utanfor vegområdet.

Skade på vegen (medrekna t.d. stikkrenner, grøfter, gjerde, grindar, ferister, møteplassar, snuplassar og opplagsplassar/parkeringsplassar) som skuldast særleg transport, skogsdrift o.a., skal skadevaldaren utbetra straks. Dersom utbetring ikkje skjer, kan styret få utført utbetringa for skadevaldaren si rekning.

§ 12 Utlikning på medlemane

Når styret finn det turvande, føretek det utlikning på medlemane etter lista i § 3, for det som trengst for å dekka underskot på rekneskapen og for å skaffa driftskapital for ei høveleg tid framover.

Likeeins kan det utliknast forskotsvis med grunnlag i vedtekne investeringar og større vedlikehaldsarbeid.

§ 13 Tvistar

Oppstår det tvistar mellom veglaget og medlemane eller mellom medlemar innbyrdes om forståinga og gjennomføringa av desse vedtektene, skal dei freista å få tvisten avgjort med bindande verknad av for alle partar av ei sakkunnig nemnd (skilsdomsrett) med tre medlemar, oppnemnde av Fylkesjordskiftesjefen i Sogn og Fjordane. Kjem skilsdomsavtale ikkje i stand, må tvisten avgjerast av dei vanlege domstolane.

§ 14 Utmelding

Det er ikkje høve til å melda seg ut or laget. Medlemar som er opptekne etter § 3 siste avsnitt, kan likevel melda seg ut. Dei har i tilfelle ikkje krav på å få refundert innbetalingar, eller utbetalt del av veglaget sin formue.

§ 15 Endringar

For å endra desse vedtektene krevst det 2/3 fleirtal av dei frammøtte/representerte på årsmøtet, i samsvar med lista i § 3. Ved mindre enn 2/3 fleirtal må saka opp på nytt på neste årsmøte, eventuelt på ekstra årsmøte. Ved denne andre gongs handsaming, krevst det tilsvarande berre vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal).

Unnateke er §§ 2, 14 og 15, som ikkje kan endrast.

Endring av § 3 kan berre gjerast ved vesentleg omlegging eller lenging av vegen, bygging eller opptak av sidevegar og andre ting som i vesentleg grad endrar tilhøva. Dersom det ikkje vert semje om fordelinga, kan spørsmålet bringast inn for ei sakkunnig nemnd, jf § 13, eller bringast inn for jordskifterett etter dei til ei kvar tid gjeldande lovreglar.

* * *

56

8. Mellombels vegstyre

Til å fungera fram til det fyrste ordinære årsmøtet etter at saka er rettskraftig, oppnemner jordskifteretten - etter samråd med partane - dette mellombels vegstyret:

Anfinn Seim – leiar. Ingvar Midlang. Harald Stadheim.

Styret skal m.a.:

- Så snart det finn det høveleg, og seinast når saka er rettskraftig, undersøkja om det føreliggjande tilbodet på opprusting framleis står ved lag og eventuelt skaffa til vegar nytt/nye tilbod.
- Fremja eventuell søknad til skogetaten og andre aktuelle om tilskot til opprustinga.
- Utarbeida framlegg til finansieringsplan, med fordeling mellom medlemane i samsvar med lista i kapittel *3. Opprusting av Tambsvegen.*
- Leia laget i samsvar med vedtektene, m.a. førebu og kalla inn til fyrste ordinære årsmøte, ubunde av tidspunktet i § 6.1 i vedtektene.

9. Sakskostnad

Samla sakskostnad er 36 948,oo

To møte (i 1995) galdt spørsmålet om eigedomstilhøva i Tambsvegen, med Stadeim/Fosse/Hove og Statnett/Sognekraft som partar. Kostnaden for den delen, kr 2415,oo, er delt mellom dei to gruppene med ein halvdel på kvar, idet retten ser det slik at det var i begge gruppene si interesse å få spørsmålet vurdert. Fordelinga innan Stadeim/Fosse/Hove skjer etter prosenttala for gruppa i § 3 i vedtektene. Fordelinga mellom Statnett og Sognekraft skjer etter prosenttala 80/20.

Ut over dette vert ikkje Statnett og Sognekraft ilagde sakskostnader.
Vik kommune har ikkje hatt slike interesser i saka at det tilseier deltaking i sakskostnadane.

Resten av kostnadane, kr 34 533,oo, er delt på alle medlemane etter lista i § 3 i vedtektene.

For Sitona og Andreas Gausdal er summen samansett av kr 750,oo vedkomande gnr 4/13 og kr 300,oo vedkomande gnr 5/18.

Gebyret i samband med anken til lagmannsrett i 1996 er ikkje teke med i sakskostnadene. Forskotet som vart avtala med Eivind Helleland i samband med refusjon av ankegebyr, er godskrive han.

OVERSIKT:

Gnr/bnr	Eigar	Skal betala	Har betalt (+ rente)	Til gode	Skuldar
1/65	John Thune	1200	3450	2250	
1/124,165	Sigurd Thune	400			400
3/1,25	Bjørg Seim	3575	2350		1225
3/2,3	Anfinn Seim	3575			3575
3/4	Gjert Johan Aase	2200			2200
3/9	Svanhild Grønsberg Johnston	2200			2200
4/2,3,10	Jon Harald Tenold	1000			1000
4/4	Sveinung Tenold	700			700

Gnr/bnr	Eigar	Skal betala	Har betalt (+ rente)	Til gode	Skuldar
4/6	Brit Gunlaug Risløv	1000			1000
4/11	Håvard Tenold	1100			1100
4/12	Sissel Tenold Bjørge	350			350
4/13 og 5/19	S og A Gausdal	1050	2350	1300	
4/14,39,71,72	Erlend Tenold	1100			1100
4/15	Ivar A Tenold	1000			1000
4/17,20	Anders Følid	350			350
4/18	M T Tenol-Tuxen	700			700
4/21,40	Kirsten Pedersen Inger Andresen Birgit Fredriksen	200			200
4/22,29	John M Tenold	1000			1000
4/24	Harald Johan Systad	1100			1100
4/31	Jan Ove Flisram	1000			1000
4/43	Ingvar Midlang	1100			1100
4/82	Gunvor Vange	240			240
6/4 (4/5,26,42)	Lars Følid	400			400
5/1,5	Erling A Stadheim	830			830
5/2	Helge I Stadheim	830			830
5/3	Olav G Stadheim	830			830
5/4	Harald Stadheim	830			830
5/6	Harriet Stadheim	830			830
5/7	Rita Thunes Stadheim	830			830
5/11	Å Stadheim og O Ese	830			830
5/13,19	Oddvar I Grønsberg	830			830
5/14	B og L Helleland	830			830
	Eivind Helleland		5300	5300	
5/17	Ola O Stadheim	830			830
5/20	Karen og Olav P Fosses bu	300			300
7/2	Nils Ove Fosse	400			400
26/20	Arnstein Hove	200			200
	Statnett	968			968
	Sognekraft	240			240
	Sum	36948	13450	8850	32348

Dei som skuldar pengar betalar til jordskifteretten innan 15 dagar etter forkynningsdatoen.

Dei som har til gode vil få utbetalt frå jordskifteretten.

10. Forkynning

Forkynning skjer ved utskrift av rettsboka i rekommandert brev, vedlagt forkynningsskjema og kopi av rettsmiddelkapitlet i jordskiftelova.

11. Tinglysing

Saka skal tinglysast på:
gnr 1 bnr 65, 165
gnr 3 bnr 1, 2, 3, 4, 9, 25
gnr 4 bnr 2, 3, 4, 6, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 17, 18, 20, 21, 22, 24, 29, 31, 39, 40, 43, 71, 72, 82
gnr 5 bnr 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 11, 13, 14, 17, 18, 19, 20
gnr 6 bnr 4
gnr 7 bnr 2, 4, 9
gnr 26 bnr 20

12. Ymse

Når opprustinga av Tambsvegen er ferdig, kan Veglaget eller grunneigar(ar) innan Stadeim/Fosse/Hove krevja at jordskifteretten tek saka opp att, for å vurdera grunnerstatning og motrekning i samband med gjerdevedlikehaldet langs nedsida av Tambsvegen, m.m.

Listene i kapittel *3. Opprusting av Tambsvegen* og i *§ 3 Medlemsskap* i vedtektene er å sjå på som semje mellom partane/partsgruppene, *til bruk i denne saka* og kan ikkje krevjast gjort gjeldande i andre tilhøve mellom partane/partsgruppene.

13. Ikraftsetjing

Om saka ikkje vert anka, trer ho i kraft ved utlaupet av ankefristen.

Leikanger, 15.desember 1999

Øystein Lavik Jon E Lidal Odd Urdal Bjelle

Rett utskrift:

INDRE SOGN JORDSKIFTERETT

AVSKRIFT AV VEDLEGG TIL DAGBOK NR. 1567/19 74-8/8.
YTRE SOGN SORENSKRIVAREMBETE

F R Å S E G N

Helge N. Fosse

Underskrivne.. .....

eigar av eigedomen..... Vik .....

gnr. 7 ..... bnr. 11 ..... i ..... kommune

har fått löyve (til ~~tilbygg~~ tilbygg til bustadhus 10,5 / 6,5 ~~xxxxxxxxx~~) til å føre opp.....

på eigedomen..... m frå midtlina av riksveg/fylkesveg
xx Vik - Fosse
nr. .....

For meg sjölv og seinare eigarar av eigedomen vedtek eg dei vilkåra som er nemnde nedanfor.

1. Eg fråskriv meg eit kvart krav på ~~skadebot~~ tilbygget frå det offentlege for skader som vert gjort på bygnaden skuld vegarbeid eller trafikk (og som er ei fylgje av at bygnaden ligg innafor byggegrensa).

2. ~~xxxxxxxxx~~ Tilbygget
2. Bygnaden skal ikkje nyttast til anna formål enn det som söknaden om löyve lyder på.

3. Löyve til avköyrsle frå vegen og kryssing av vegen med eventuelle leidningar skal det vera gitt samtykke til av vegstellet för arbeidet vert sett i verk.

4. Arbeidet må heller ikkje setjast i verk för denne frå-segna er godteke og underskriven av eigaren og er komen attende til vegkontoret i tinglyst stand för sökjaren si rekning.

5. For disponering av området mellom bygnaden og vegen sitt eigedomsområde pliktar eg utan kostnad for det offentlege å retta meg etter dei påbod som vert gjeve av vegstellet av omsyn til trafikktryggleik og trafikkavvikling.

6.....


.....

.....

.....

6880 Stryn Vik den 19/7 1974

Helge Fosse



F R Å S E G N

DAGBOKFØRT
1508
13 JUL 83 01508
SORENSKRIVAREN I
YTRE SOGN

Underskrivne ....Helge Fosse, 5860 Vik.....

eigar av eigedomen .....

gnr. ....7..... bnr. ....11..... i ....Vik..... kommune

har fått løyve til å føre opp ..veranda.....
veranda 6,2 m

på eigedomen ..... m frå midtlina av riks/fylkesveg

nr. .....

For meg sjølv og seinare eigarar av eigedomen vedtek eg dei vilkåra som er nemnde nedanfor:

1. Eg fråskriv meg eit kvart krav på skadebot frå det offentlege for skader som vert gjort på verandaen xxxxxxxx skuld vegarbeid eller trafikk (og som er ei fylgje av at bygnaden ligg innafor byggegrensa).

2. Verandaen xxxxxxx skal ikkje nyttast til anna formål enn det som søknaden om løyve lyder på.

3. Løyve til avkøyrsle frå vegen og kryssing av vegen med eventuelle leidningar skal det vera gitt samtykke til av vegstellet før arbeidet vert sett i verk.

4. Arbeidet må heller ikkje setjast i verk før denne fråsegna er godteken og underskriven av eigaren og er komen attende til vegkontoret i tinglyst stand for søkjaren si rekning.

NB! I dei tilfella at søkjar og eigar ikkje er ein og same person, må både søkjar og eigar skriva under på denne fråsegna. Fråsegna må underskrivast i 2 eksemplar.

5. .....

.....

.....

Vik den 20.06.83

Helge Fosse
.....
Eigar av eigedomen si underskrift

Helge Fosse
.....
Søkjaren si underskrift

Nr. 860 La.
PÅ LAGER: SEM & STEMFRSEN A/S. OSLO
10—56.

Avskrift av ~~Tødlegg til~~ dagbok nr. 467 1960 - 3/6 Til innhefting i panteboka.

Ytre Sogn skrivardøme

Skyldskifte.

Laudagdag den 14. mai 1960 heldt vi underskrivne, oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Fosse g.nr. 7 b.nr. 2 med skyld mark 5.10 i Vik herad. Skyldskifte er kravt av Nils P. Fosse som har grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld[1]).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene har gjevi skjønsmannslovnad, så nær som[2]) Fredrik Bø og Gjur J. Åse

Ved tenesta møtte[3]) Eigar og kjænar. Dessutan møtte Anders Grønsberg Fosse for kona Johanna og Otto Fosse då parsellen grensar lik eigarane av desse bruki

Mennene valde til formann Olav Øvredal.

Om den/dei fråskilde luten/lutene av garden kan det gjevast desse opplysningane:

1.[4]) *Areal:* Dyrka jord 1.5 dekar, naturleg eng og kulturbeite — dekar, produktiv skog — dekar, anna areal — dekar. I alt 1.5 dekar.

2. Grenser:[5])

Parsellen har desse grenser:

I nord lit merke med eigedomen lit Johanna Grønsberg Fosse, der det er slege kross i ein stor stein og sett merkestein i nordaustre hyrna, i vest lit Seljo og Øvredals-vegen, i sør lit merke med Otto Fosse sin eigedom, der det er sett merkestein og i

---

1) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta, anten har grunnboksheimel eller dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslova.)

2) Har nokon av mennene ikkje gjevi slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 frå 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd før tenesta tek til, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»

3) Om nokon av dei grannane eller partane som skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei har fått varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslova.)

4) Oppgåve over arealet m. m. til den fråskilde luten skal berre gjevast for areal som er over 2 dekar (jfr. skylddelingslova § 9.)

5) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslova. Grensene mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp når eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei set i skyld (§ 7 i lova), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteki skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lova.)

aust lib „Stordigvegen", der det er sett muskustinn
i nord-aust hyrna.
På parsellen er det bygt bustadhus der
det vert drive snikkarverkstad i Kjellarhögdi.

1. Er det jordbruk og skog i den eigedomen som vert delt? Ja.

2. Får kvart jordbruk som kjem fram etter skiftet, så mykje skog som trengst til hus-berging og gards-tarv? Ja

3. Er det jordbruk med fjellvidd, fjellvatn, elvar og bekker i den eigedomen som vert delt? Ja.

4. Får kvart jordbruk som kjem fram etter skiftet, så mykje fjellvidd som trengst for bruket? Ja.

Vert det svara ja på spørsmål 1 og nei på spørsmål 2, eller ja på spørsmål 3 og nei på spørsmål 4, så lyt ein dessutan svara på dei spørsmåla som no kjem:

5. Har heradsstyret samtykt i skyldskiftet? Nei.

6. Eller held skyldskiftemennene det for greitt at den fråskilde luten er esla til dyrkingsjord eller til byggetuft, veg, industriverk eller til andre føremål av same slaget? Byggetuft.

7. eller vert eigedomen delt etter § 14 i lov om odels- og åsæteretten frå 26. juni 1821? Nei.

Vi vitnar:

a) At det ikkje med skiftet er skapt noko nytt hopehav. Likevel har vi samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på den måten, at beite i fjellet kan nyttast av båe bruki.

~~med di vi har funni vidare deling gagnlaus.~~[1])

b) At kvart bruk har fått så lagleg skap for fredning og drift som det er høve til.

Skylda på den/~~dei~~ fråskilde luten/~~lutene~~ vart sett til 5 øre - fem øre.

Attverande skyld på hovudbølet er 5,05 skyldmark.

Det arealet som er att av hovudbølet, utgjer: Dyrka jord ca 39.- dekar, naturleg eng og kulturbeite 40 dekar, produktiv skog ca 10 dekar, anna areal ca 10 dekar. I alt 99 dekar.

Den/dei fråskilde luten/~~lutene~~ fekk dette/~~desse~~ bruksnamnet[2]) Bakkely.

Kostnaden med å halda og tinglysa skyldskiftet ber: Nils P. Fosse, Vik i Sogn.

Partane fekk opplysning om at dei kan anka skyldskiftet til overskjøn, dersom dei er misnøgde med den skylda som her er sett eller med det markeskilet som er fastslege, men ankeutsegn lyt då vera hjå sorenskrivaren seinast tre månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Vi sannar at vi har gjort tenesta etter beste skjøn og overtyding og etter skjønsmannslovnaden vår.

Vi har fastsett at Nils P. Fosse. skal syta for å få skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

Olav J. Øvrdal Fredr. Bø. Sjur Fosse.

[1]) Stryk det som ikkje høver.
[2]) Til bruksnamn må ikkje i noko tilfelle takast namn som alt vert nytta til ættenamn, om ikkje namnet høyrer til dei som er heller vanlege (jfr. lov frå 9/2 1923 nr. 2 § 21.)

Går til .....jordstyre[1])

Fråsegn frå jordstyret:

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....den.....19.....

.....
formann.

.....
sekretær.

Går til .....landbruksselskap.

Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret:

.....

.....

.....

.....

.....den.....19.....

.....
formann.

.....
fylkeslandbrukssjef.

.....

~~Godteki til tinglysing~~ .....den .....19.....

~~Tinglyst~~ ved .....

.....

.....

Den/~~dei~~ fråskilde luten/~~lutene~~ har fått g.nr. 7 b.nr. 11.

~~For tinglysing kr.~~ .....

[1]) Melding om tenesta skal ikkje sendast jordstyret dersom skyldskiftet gjeld eit areal på under 2 dekar.

OVERSIKT OVER LØSØRE OG TILBEHØR

Oversikten er utarbeidet av Norges Eiendomsmeglerforbund, Eiendom Norge og Advokatforeningens Eiendomsmeglingsgruppe, og er gjeldende fra 1. januar 2020.

Generelt
Lov om avhending av fast eigedom (avhendingslova/avhl.) av 3. juli 1992 regulerer kjøper og selgers rettigheter og plikter ved overdragelse av fast eiendom og andeler i borettslag.

I henhold til avhl. § 3-4 skal eiendommen , når annet ikke er avtalt, overdras med innredninger og utstyr som etter lov, forskrift eller annet offentlig vedtak skal følge med. Det samme gjelder varig innredning og utstyr som enten er fastmontert eller er særskilt tilpasset bygningen, jf. avhl. § 3-5. Loven inneholder ingen detaljert oversikt over hva som omfattes av "innredning og utstyr", og over hva som skal regnes som "fastmontert eller særlig tilpasset".

Partene kan fritt avtale hva som skal følge med eiendommen ved salg. Bransjens liste over løsøre og tilbehør som skal følge med eiendommen, er en del av avtalen mellom kjøper og selger dersom ikke annet er opplyst i salgsoppgaven, kjøper har tatt forbehold i bud eller avtale på annen måte er inngått. Der intet annet er avtalt, vil løsøre og tilbehør medfølge slik dette fremkommer av avhl. §§ 3-4 og 3-5 og denne oversikt.

Produkter og installasjoner som medfølger overdras uten noen form for garantier, utover eventuell gjenværende leverandørgaranti.

Dersom det er noe i nedenstående liste som ikke finnes på eiendommen, vil det heller ikke medfølge.

1. Hvitevarer medfølger der dette er spesielt angitt i salgsoppgaven.
2. HELDEKKENDE TEPPER følger med uansett festemåte.
3. Varmekilder, slik som ovner, kaminer, peiser, varmepumper og panelovner, følger med uansett festemåte. Frittstående biopeiser/varmeovner og terrassevarmere medfølger ikke. Det følger ikke med varmekilder i rom som ikke har vegg- eller fastmonterte varmekilder på visning.
4. TV, Radio og Musikkanlegg. TV-antenner og fellesanlegg for TV, herunder parabolantennene, og tuneren/dekoder/TV-boks medfølger der dette eies av selger. Veggmontert TV/flatskjerm med tilhørende festeordning samt musikkanlegg følger ikke med (se også punkt 12).
5. Baderomsinnredning/UTSTYR: Badekar, dusjkabinett, dusjvegger, alle fastmonterte speil og hyller, fastmonterte glass- og håndkleholdere, herunder håndklevarmere samt baderomsinnredning medfølger.
6. Garderobeskap medfølger, selv om disse er løse. Fastmonterte garderobehyller og knagger medfølger. Innredning i garderobeskap, for eksempel løse eller fastmonterte trådkurver, hyller, stenger og lignende medfølger.
7. Kjøkkeninnredning medfølger, herunder også åpne, fastmonterte hyller og løs eller fastmontert kjøkkenøy.
8. Markiser, persienner og annen type innvendig og utvendig solskjerming, gardinoppheng, lamellgardiner og liftgardiner medfølger.
9. Avtrekksvifter av alle slag, samt fastmonterte aircondition/ventilasjonsanlegg medfølger.
10. Sentralstøvsuger medfølger med komplett anlegg, herunder slange, munnstykke mm.
11. Lyskilder. Kupler, lysstoffarmatur, fastmonterte "spotlights", oppheng og skinner med spotlights samt utelys og hagebelysning medfølger. Vegglamper, krokhengte lamper, lysekroner, prismelamper og lignende som er koblet til sukkerbit eller stikkontakt følger likevel ikke med.
12. INSTALLERTE SMARTHUSLØSNINGER med sentral som styrer lys, varme, lyd o.l., samt tilhørende trådløse enheter som brytere, sensorer, kameraer, integrerte høyttalere, el. medfølger. Enkle lysstyringssystem f.eks. med en sentral som kun styrer lyspærer eller smartpærer montert i sokkel medfølger likevel ikke.
13. Utvendige søppelkasser og eventuelt holder/hus til disse.
14. POSTKASSE medfølger.
15. UTENDØRS INNRETNINGER slik som flaggstang, fastmontert tørkestativ, samt andre faste utearrangementer som f.eks. badestamp, boblekar/jacuzzi og lignende utendørs kar, lekestue, lekestativ, utepeis, fastmontert trommel til vannslange medfølger. Guidekabel/avgrensingskabel til robotgressklipper medfølger, men robotgressklipper og ladestasjon for denne medfølger ikke.
16. FASTMONTERT VEGGLADER/LADESTASJON TIL EL-BIL medfølger uavhengig av hvor laderen er montert.
17. SOLCELLEANLEGG med tilhørende teknisk infrastruktur medfølger.
18. Gassbeholder til gasskomfyr og gasspeis medfølger.
19. Brannstige, branntau, feiestige og lignende medfølger der dette er påbudt. Løse stiger medfølger ikke.
20. Brannslukningsapparat, brannslange og røykvarsler medfølger der dette er påbudt. Det er eiers og brukers plikt til å se til at utstyret forefinnes på enhver eiendom. Hvis annet ikke er uttrykkelig avtalt, skal dette derfor alltid følge med ved salg av eiendom.
21. SAMTLIGE NØKLER til eiendommen som selger er i besittelse av skal overleveres kjøper på overtakelsen, herunder nøkler til eventuelle boder, uthus, garasjeportåpnerel. Låses boder, uthus el. med hengelås, skal lås og nøkler til disse medfølge.
22. GARASJEHYLLER, bodhyller, lagringshyller, og oppheng til bildekk medfølger såfremt de er fastmontert
23. Planter, busker og trær som er plantet på tomten, eller fastmonterte kasser og lignende er en del av eiendommen og medfølger i handelen.

Boligkjøperforsikring

- Advokathjelp ved boligkjøpet og i 5 år fremover.
- Er kjøpers motvekt til selgers boligselgerforsikring.
- Gir deg advokathjelp hele veien til rettskraftig dom, om nødvendig.

Andelsbolig/aksjeleilighet:	8 800**Kr**
Selveierleilighet/rekkehus:	12 600**Kr**
Ene-/tomannsbolig, tomt:	18 000**Kr**

Fritidsbolig følger øvrige boligtyper.

Boligkjøperforsikring PLUSS

- Samme dekning som HELP Boligkjøperforsikring.
- I tillegg får du advokathjelp på de viktigste rettsområdene i privatlivet.



PLUSS dekker også disse rettsområdene

- Samboeravtale, ektepakt og arv
- Forbrukerkjøp og håndverkertjenester
- Utleie og naboforhold
- Tomtefeste, veirett og andre servitutter
- Plan- og bygningsrett
- Skatt ved oppussing, utleie og eiendomssalg
- Tilgang til digitale juridiske avtaler via Min side

PLUSS gir boligeiere et sterkt rabattert advokattilbud i og utenfor domstolene. Få advokathjelp når du trenger det fra Norges største advokatmiljø for privatpersoner. **PLUSS** kan bare tegnes samtidig med boligkjøperforsikringen, og koster kun kr 2 800 i tillegg. **PLUSS** fornyes årlig.

Boligkjøperforsikring tegnes hos eiendomsmegler senest ved kontraktsignering og gir rett til advokathjelp inntil 5 år etter overtakelse. Forsikringen betales som del av oppgjøret ved boligkjøpet. PLUSSdekningen fornyes årlig ved faktura fra HELP.

Egenandel kr 4 000 påløper ved takst, tvist eller 10 timer advokatbistand, avhengig av hva som kommer først. Meglerforetaket mottar kr 5 700/6 600/7 500 i kostnadsgodtgjørelse, avhengig av boligtype, samt et tillegg på kr 1 000 ved salg av PLUSS.

Vi unner ingen å stå alene

Har du spørsmål? Kontakt HELP på help.no/minside, telefon 22 99 99 99 eller epost post@help.no

HELP

Rett skal være rett. For alle.

Vi tar forbehold om pris- og vilkårsendringer. Hvis premien ikke er innbetalt ved overtakelse, vil avtalen bli kansellert. For fullstendig informasjon om dekning og vilkår, se help.no.